



«Forvaltningsrevisjon av  
utdannings- og yrkesrådgjeving i  
vidaregåande skule»

November 2018

Rapporten er utarbeidd for Sogn og  
Fjordane fylkeskommune av  
Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen,  
5892 Bergen  
tlf: 55 21 81 00

# Samandrag

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune i sak 40/17 26.09.2017. Føremålet med prosjektet har vore å undersøke i kva grad fylkeskommunen ivaretek og tilbyr utdannings- og yrkesrådgjeving i den vidaregåande skulen i tråd med sentrale krav og føringar i regelverket og i tråd med eigne mål for området. Revisjonen har gjennomført spørjeundersøking som blei sendt ut til 24 rådgjevarar ved dei 12 vidaregåande skulane i fylket. Vidare har vi gjennomført fokusgruppeintervju med elevar ved fire skular og intervju med representantar frå fylkesadministrasjonen.

Undersøkinga viser at det blir gjort mykje godt arbeid knytt til utdannings- og yrkesretteleing i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Organiseringa av rådgjevarstillingane ved dei enkelte skulane er tilpassa til at skulane er forskjellige med omsyn til fagtilbod og storleik, og fylkeskommunen har sidan 2008 styrka rådgjevingssressursane i vidaregåande skulen ut over avtalefesta nivå. Revisjonen meiner at fylkeskommunen har gode system for å sikre informasjonsutveksling mellom næringslivet og fylkeskommunen. Dette gjeld både på overordna nivå med fagopplæringsnemnda, jamlege møte mellom fylkeskommune og opplæringskontor og det at det er etablert ordning med arbeidslivskontaktar på skulane. Det er også positivt at både rektorar, rådgjevarar og elevar i hovudsak opplever at faget yrkesfagleg fordjuping har medført styrking av utdannings- og yrkesrådgjevinga. Revisjonen meiner vidare at det er positivt at fylkeskommunen arbeider for at rådgjevarnettverka i fylket skal utarbeide ein felles plattform og eit felles verktøy for ein heilskapleg karriererettleing frå 8. – 13. årssteg som kan bidra til læring og utvikling i rådgjevingssarbeidet og sikre god praksis.

Undersøkinga peiker samtidig på fleire forbetningsområde. Revisjonen meiner det er ei utfordring at auka behov for sosialpedagogisk oppfølginga kan gå ut over tida rådgjevarane har til utdannings- og yrkesrådgjeving. Ikkje alle rådgjevarane opplever å ha tilstrekkeleg kapasitet til å gje elevar som ønskjer det tilbod om individuell utdannings- og yrkesrådgjeving. Undersøkinga viser at sjølv om det er elevar som får direkte tilbod om individuelle samtalar, gjeld ikkje dette alle skular og trinn. Undersøkinga viser også at sjølv om elevane kjenner til at dei kan få individuell samtale med rådgjevar, peiker dei på at det kan vere krevjande å kontakte rådgjevarane på eige initiativ. Undersøkinga viser også at det varierer mellom skulane korleis dei vel å gje informasjon om utdannings- og yrkesrådgjevingstilbodet ved skulen. Ved fleire skular blir det peikt på mangelfull informasjon om rådgjevingstilbodet både til elevar og føresette.

Undersøkinga viser at den formelle kompetansen til rådgivarane i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane berre i nokon grad samsvarer med Utdanningsdirektoratet sine tilrådde kompetansekrav. Revisjonen meiner at det ikkje er tilfredsstillande at over halvparten av yrkesrådgjevarane ikkje har ein kompetanseutviklingsplan.

Av undersøkinga går det fram at det varierer i kva grad alle elevane får praksisplassar knytt til faget yrkesfagleg fordjuping begge åra på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. I forskrift for yrkesfagleg fordjuping blir omfanget av praksis i næringslivet ikkje nærare presisert, men revisjonen merker seg likevel at elevane ønskjer meir utplassering i bedrift. I undersøkinga blir også større grad av samarbeid med næringslivet om utdanningsval trekt fram som eit forbetningsområde.

På bakgrunn av funn og vurderingar i undersøkinga har revisjonen utarbeid tilrådingar til fylkeskommunen som går fram av kapittel 6 i rapporten.

# Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	7
2. Om tenesteområdet	10
3. Utdannings- og yrkesrådgjeving i dei vidaregåande skulane	12
4. Samarbeid med næringslivet	26
5. Rådgjevingskompetanse	30
6. Konklusjon og tilrådingar	37
Vedlegg 1: Høyringsuttale	39
Vedlegg 2: Revisjonens kommentarar til fylkesrådmannens høyringsuttale	40
Vedlegg 3: Revisjonskriterium	41
Vedlegg 4: Sentrale dokument og litteratur	44

# Detaljert innhaldsliste

Samandrag	3
1. Innleiing	7
1.1 Bakgrunn	7
1.2 Føremål og problemstillingar	7
1.3 Avgrensing	7
1.4 Metode	7
1.5 Revisjonskriterium	9
2. Om tenesteområdet	10
2.1 Organisering	10
2.2 Kort om tilbodet ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane	10
3. Utdannings- og yrkesrådgjeving i dei vidaregåande skulane	12
3.1 Problemstilling	12
3.2 Revisjonskriterium	12
3.3 Organisering av rådgjevingstenesta	13
3.4 Yrkesfagleg fordjuping (YFF) og utdannings- og yrkesrådgjeving	19
3.5 Elevretta informasjon om utdannings- og yrkesrådgjevinga	20
3.6 Tilbod om individuell utdannings- og yrkesrådgjeving og elevane sine erfaringar	22
4. Samarbeid med næringslivet	26
4.1 Problemstilling	26
4.2 Revisjonskriterium	26
4.3 Informasjonsutveksling og næringslivet sine erfaringar knytt til involvering for å sikre ivaretaking av deira behov i utdannings- og yrkesrådgjevinga	26
5. Rådgjevingskompetanse	30
5.1 Problemstilling	30
5.2 Revisjonskriterium	30
5.3 Kompetansen til rådgjevarane	31
5.4 Vurdering av kompetansebehov	31
5.5 Kompetanseheving gjennom karrieremesser og næringsreiser	33
6. Konklusjon og tilrådingar	37
Vedlegg 1: Høyringsuttale	39
Vedlegg 2: Revisjonens kommentarar til fylkesrådmannens høyringsuttale	40
Vedlegg 3: Revisjonskriterium	41
Vedlegg 4: Sentrale dokument og litteratur	44

## Figurar

Figur 1 Organisasjonskart, opplæringssektoren Sogn og Fjordane Fylkeskommune	10
Figur 2: Rådgjevarane si tid nytta til utdannings- og yrkesrådgjeving	16
Figur 3 Rådgjevarane sin synspunkt knytt til risiko for at utdannings- og yrkesrådgjevinga ved skulen ikkje oppfyller elevane sin rett til nødvendig rådgjeving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval	17
Figur 4: Styrking av utdannings- og yrkesrådgjeving gjennom yrkesfagleg fordjuping	20
Figur 5: Informasjonskanalar nytta for å gjere elevane kjend med tilgjenge for utdannings- og yrkesrådgjeving (respondentane kunne velje fleire svaralternativ)	21
Figur 6: Rutinar for individuell utdannings- og yrkesrådgjeving	23

Figur 7 Kapasitet til individuell utdannings- og yrkesrådgjeving delt på årstrinn	23
Figur 9: Utarbeiding av kompetanseutviklingsplan saman med leiar	32
Figur 10: Arbeid med kompetanseheving på dei vidaregåande skulane	33
Figur 11: Kompetanseheving gjennom karrieremesser	34
Figur 12: Næringsreiser som bidrag til utdannings- og yrkesrådgjevingskompetanse	35

## **Tabellar**

Tabell 1: Organisering av rådgjevinga ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane	14
Tabell 2: Stillingsdelar for rådgjevingstenesta ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fylkeskommune	15
Tabell 3: Deltakarar på Næringsreisa 2015 - 2017	35

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune i sak 40/17 26.09.2017.

## 1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke i kva grad fylkeskommunen ivaretek og tilbyr utdannings- og yrkesrådgjeving i den vidaregåande skulen i tråd med sentrale krav og føringar i regelverket og i tråd med eigne mål for området. Med bakgrunn i føremålet blei det utarbeidd følgjande problemstillingar som er undersøkt:

1. Korleis fungerer utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule?<sup>1</sup>
  - a) I kva grad er organiseringa av utdannings- og yrkesrådgjevinga føremålstenleg?
  - b) I kva grad har yrkesfagleg fordjuping styrka utdannings- og yrkesrådgjevinga i vidaregåande skule?
  - c) Er informasjon om utdannings- og yrkesrådgjevinga gjort kjent i tilstrekkeleg grad til dømes frå skulane og på relevante nettsider for fylkeskommunen sine elevar?
  - d) Får elevar som ynskjer det individuell utdannings- og yrkesrådgjeving?
  - e) Kor godt nøgde er elevane med utdannings- og yrkesrådgjevinga?
2. I kva grad varetek utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule næringslivet sine behov?
  - a) I kva grad er det etablert tilstrekkeleg system for å sikre informasjonsutveksling mellom næringslivet og fylkeskommunen som er relevant for utdannings- og yrkesrådgjevinga?
  - b) I kva grad opplever representantar for næringslivet sine organisasjonar at dei blir tilstrekkeleg involvert for å sikre at utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule varetek næringslivet sine behov?
3. I kva grad har dei som skal drive med utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule tilstrekkeleg kompetanse
  - c) Har rådgjevarane i dei vidaregåande skulane kompetanse i samsvar med Utdanningsdirektoratet sine tilrådde kompetansekrav?
  - d) Er det gjort vurderingar av kompetansebehov, og eventuelt utarbeidd ein plan for kompetansebygging knytt til utdannings- og yrkesrådgjeving?
  - e) I kva grad opplever rådgjevarar at karrieremesser og næringsreiser fører til auka kompetanse innan utdannings- og yrkesrådgjeving?

## 1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle fylkeskommunale vidaregåande skular.. Revisjonen har ikkje sett nærare på oppgåvene rådgjevarane gjennomfører retta mot ungdomstrinnet i grunnskulen i denne undersøkinga.<sup>2</sup>

## 1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet desember 2017 til september 2018

---

<sup>1</sup> Denne problemstillinga hadde opphaveleg også underproblemstillinga: f) Ivaretek fylkeskommunen utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule i samsvar med lover, regler og fylkestinget sine instruksar? Revisjonen har valt å utelate denne problemstillinga fordi kvart av kapitla i rapporten i seg sjølv vurderer den. Svaret på problemstillinga vil bli summert opp i rapporten sin konklusjon.

<sup>2</sup> Rådgjevarane i vidaregåande skule har også oppgåver knytt til at 9. og 10. klassingar hospiterer i vidaregåande skule. Vidare deltek rådgjevarane på informasjonsmøte på ungdomskulane.

#### **1.4.1 Dokumentanalyse**

Rettsreglar og fylkeskommunale vedtak har blitt gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare har informasjon om fylkeskommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. blitt samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert i forhold til revisjonskriteria.

#### **1.4.2 Intervju**

Deloitte har intervjuet utvalte personar frå fylkeskommunen som har kunne bidrege med informasjon om problemstillingane i prosjektet. Dette har inkludert tilsette på fylkesnivå med ansvar for å legge til rette for utdannings- og yrkesrådgjeving, kontakt med næringslivet og kompetanseutvikling hos rådgivarane i skulen.

Vidare har revisjonen intervjuet representantar frå leilinga ved seks skular i fylkeskommunen, for å undersøke korleis dei legg til rette for god utdannings- og yrkesrådgjeving.

Vi har også gjennomført intervju med representant frå næringslivet sin hovudorganisasjonar i Sogn og Fjordane og representantar frå to av opplæringskontora<sup>3</sup> i fylket. Totalt har vi gjennomført 11 intervju.

#### **1.4.3 Fokusgruppeintervju**

I prosjektet gjennomførte vi fokusgruppeintervju med elevar ved fire vidaregåande skular i fylket. Etter samtale med skuleleiinga blei det utarbeidd eit opplegg for fokusgruppeintervjuet der lærarar i forkant av fokusgruppeintervjuet tok opp nokre tema til diskusjon i seks klassar ved skulen etter mal utarbeidd av revisjonen. Revisjonen hadde i samarbeid med rektor ved skulane, i forkant valt ut kva for klassar ved skulen som skulle gjennomføre opplegget. Ein elevrepresentant frå kvar av dei utvalde klassane tok med seg tilbakemeldingane frå klassen til fokusgruppeintervju med revisjonen.

#### **1.4.4 Spørjeundersøking**

Alle rådgivarane ved dei tolv vidaregåande skulane i fylkeskommunen som har ansvar for utdannings- og yrkesrådgjeving for å få informasjon om rådgjevingstenesta ved dei vidaregåande skulane i fylket, har motteke ei spørjeundersøking frå revisjonen.

Av dei 24 utdannings- og yrkesrådgjevarane som fekk invitasjon til spørjeundersøkinga, svara 18. Dette gir ein svarprosent på 75 %. Dei 18 rådgjevarane som har deltatt på spørjeundersøkinga svarer alle at dei arbeidar med både sosialpedagogisk- og utdannings- og yrkesrådgjeving.<sup>4</sup> Seks av respondentane opplyser vidare at dei har undervisningsoppgåver i tillegg til rådgjevingarbeidet.

#### **1.4.5 Verifiseringsprosessar**

Eit av intervjuet er nytta som bakgrunnsinformasjon i undersøkinga. Oppsummering av dei resterande ti intervjuet er sendt til dei som er intervjuet for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Datadelen av rapporten er sendt til fylkesrådmannen for verifisering og rapporten er justert på bakgrunn av tilbakemeldingar frå fylkeskommunen. Høyringsutkast av rapporten er sendt til fylkesrådmannen for uttale. Fylkesrådmannen sin høyringsuttale er lagt ved rapporten i vedlegg 1.

---

<sup>3</sup> Opplæringskontora er eit samarbeid mellom bedrifter og verksemdar om inntak og opplæring av lærlingar. Det finst opplæringskontor som er kommunale, tverrfaglege, per bransje og dei som er fokusert på enkeltfag. Opplæringskontora hjelper medlemsbedriftene sine med det praktiske rundt lærlingordninga, som regel mot ein del av lærlingtilskotet. Sjå også [https://utdanning.no/tema/hjelp\\_og\\_veiledning/opplæringskontor](https://utdanning.no/tema/hjelp_og_veiledning/opplæringskontor)

<sup>4</sup> Ikkje alle rådgjevarane svara på spørjeundersøkinga. Spørjeundersøkinga hadde ein svarprosent på 75%.



## **1.5 Revisjonskriterium**

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå opplæringslova. Kriteria er nærare presentert innleiingsvis under kvart tema og i vedlegg 2 til rapporten.

## 2. Om tenesteområdet

### 2.1 Organisering

Vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne er det største tenesteområdet i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Organiseringa av opplæringssektoren i fylket er som vist i figur 1 under.

Figur 1 Organisasjonskart, opplæringssektoren Sogn og Fjordane Fylkeskommune<sup>5</sup>



Opplæringsavdelinga sine ansvarsområde omfattar elevar i vidaregåande skule, lærling/lærekandidat, privatist/praksiskandidat, vaksenopplæring, fagskulestudentar og rådgjeving og rettleiing.

### 2.2 Kort om tilbodet ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune gir tilbod om studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse ved tolv vidaregåande skular i fylket<sup>6</sup>, og har plass til om lag 4400 elevar.

Opplæringstilboda ved dei vidaregåande skulane kan delast i to ulike typar: yrkesfaglege utdanningsprogram og studieførebuande utdanningsprogram. Med unnatak av Hafstad vidaregåande skule og Firda vidaregåande har alle dei tolv skulane både yrkesfaglege og studieførebuande opplæringstilbod<sup>7</sup>.

Vg1 på yrkesfaglege utdanningsprogram skal gi elevane ei grunnleggande opplæring i arbeidsprosessar, teknikkar og verktøy som er typiske for utdanningsprogrammet ein er tatt opp på. Dei fleste timane dette fyrste året går til programfag. Vg2 på yrkesfag har elevane valt eit programområde innan sitt utdanningsprogram, og får høve til å spesialisere seg i større grad.<sup>8</sup> Nokre av dei vidaregåande skulane

<sup>5</sup> Kjelde [www.sfj.no](http://www.sfj.no). Organisasjonskartet var sist oppdatert 26.10.2015

<sup>6</sup> Det er til saman tolv offentlege vidaregåande skular i Sogn og Fjordane: Årdal vidaregåande skule, Firda vidaregåande skule, Høyanger vidaregåande skule, Sogn jord- og hagebruksskule, Dale vidaregåande skule, Flora vidaregåande skule, Måløy vidaregåande skule, Sogndal vidaregåande skule, Eid vidaregåande skule, Hafstad vidaregåande skule, Mo og Øyrane vidaregåande skule og Stryn vidaregåande skule.

<sup>7</sup> Firda vidaregåande skule tilbyr opplæringstilboda «musikk, dans og drama» og «idrettsfag» i tillegg til studiespesialisering. Dette er treårige studieførebuande tilbod.

Hafstad vidaregåande skule tilbyr opplæringstilboda «medier og kommunikasjon» og «kunst, design og arkitektur» i tillegg til studiespesialisering. Dette er treårige studieførebuande tilbod.

<sup>8</sup> Vilbli.no

tilbyr påbygging til generell studiekompetanse som Vg3 eller Vg4 for elevar som har yrkesfagleg utdanning eller oppnådd yrkeskompetanse.

Måløy vidaregåande skule og Mo og Øyrane vidaregåande skule har nokre opplæringstilbod etter YSK-modellen<sup>9</sup>, som er ei forkorting for yrkes- og studiekompetanse. Desse opplæringstilboda inneheld både yrkesfagleg opplæring og studiekompetanse over eit fireårig utdanningsløp som inkluderer praksis i verksemd alle fire åra.

---

<sup>9</sup> Mange skular nyttar forkortinga TAF, som står for tekniske og allmenne fag.

## 3. Utdannings- og yrkesrådgjeving i dei vidaregåande skulane

### 3.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

*Korleis fungerer utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule?*

Under dette:

- a) I kva grad er organiseringa av utdannings- og yrkesrådgjevinga føremålstenleg?
- b) I kva grad har yrkesfagleg fordjuping styrka utdannings- og yrkesrådgjevinga i vidaregåande skule?
- c) Er informasjon om utdannings- og yrkesrådgjevinga gjort kjent i tilstrekkeleg grad til dømes frå skulane og på relevante nettsider for fylkeskommunen sine elevar?
- d) Får elevar som ynskjer det individuell utdannings- og yrkesrådgjeving?
- e) Kor godt nøgde er elevane med utdannings- og yrkesrådgjevinga?
- f) Varetek fylkeskommunen utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule i samsvar med lover, regler og fylkestinget sine instruksar?

### 3.2 Revisjonskriterium

Av § 13-10 i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) går det fram at fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest. Det står vidare at fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte.

I opplæringslova § 9-2 går elevane sin rett til nødvendig rådgjeving fram:

§ 9-2. Rådgiving og skolebibliotek

Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål. Departementet gir nærmare forskrifter.

Forskrift til opplæringslova omtalar nærare retten til nødvendig rådgjeving. Av § 22-1 i forskrifta går det fram at den enkelte eleven har rett til sosialpedagogisk rådgjeving og utdannings- og yrkesrådgjeving, og at tilbodet skal vere kjent for elevar og føresette. Tilbodet skal vere tilgjengeleg for elevane ved den enkelte skulen. I same paragraf går det fram at:

Retten til nødvendig rådgiving inneber at eleven skal kunne få informasjon, rettleiing, oppfølging og hjelp til å finne seg til rette på skolen og ta avgjerd i tilknytning til framtidige yrkes- og utdanningsval. Rådgivinga kan vere både individuell og gruppevis. Eleven sitt behov og ønskje vil avgjere forma som blir teken i bruk.

Rådgivinga skal medverke til å utjamne sosial ulikskap, førebyggje fråfall og integrere etniske minoritetar. For at rådgivinga skal bli best mogleg for eleven, skal skolen ha eit heilskapleg perspektiv på eleven og sjå den sosialpedagogiske rådgivinga og utdannings- og yrkesrådgivinga i samanheng.

Eleven skal få den hjelpa han/ho treng for å utvikle seg vidare og utnytte eigne ressursar, utan omsyn til tradisjonelle kjønnsroller.

Utdanningsdirektoratet skriv på sine nettsider<sup>10</sup> at "Rådgivingen kan foregå både individuelt og gruppevis. Elevens behov og ønsker skal avgjøre hvilken rådgivningsform som blir brukt. Skoleeier kan ikke tilby bare gruppevis rådgiving.»

---

<sup>10</sup> <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/radgivning/kvaliteten-pa-radgivingen/>

Utdanningsdirektoratet skriv også at for at skulen skal kunne oppfylle eleven sin rett til nødvendig rådgiving, må rådgivinga vere heile skulen sitt ansvar og i tett kontakt med lokalt arbeidsliv, skulehelsetenesta og andre relevante aktørar.

Lærlingar og lærekandidatar er omfatta av egne reglar i opplæringslova. I § 4-1 står det likevel at «*Når lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar får opplæring i skole, gjeld reglane for elevar.*»

Det er utarbeidd ei eiga forskrift til yrkesfaglig fordjuping<sup>11</sup>. Føremålet med yrkesfagleg fordjuping er mellom anna å gi elevane høve til å prøve ut eitt eller fleire aktuelle lærefag for å kunne få eit godt grunnlag for seinare val av fagretning. Elevane skal få erfaring med innhald oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer yrka utdanningsprogramma kvalifiserer dei for, og få høve til å fordjupe seg i kompetanssmål på læreplanen på Vg3-nivå. Elevene skal få høve til å oppleve realistiske arbeidssituasjonar gjennom bruk av ulike læringsarenaar. Vidare skal yrkesfagleg fordjuping skal gje elevane eit godt grunnlag for å velje lærefag og gjere det mogleg å knytte kontakt med potensielle lærebedrifter.

Det går fram av forskrifta at på Vg1 og Vg2 skal yrkesfaglig fordjuping nyttast til opplæring i kompetanssmål frå læreplanen for opplæring i bedrift og Vg3 i skule *anten* frå eige utdanningsprogram eller frå andre utdanningsprogram.

I mål- og strategidokumentet «*God-betre-best*» - *mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015*,<sup>12</sup> hadde fylkeskommunen formulert nokre mål, delmål og tiltak knytt til rådgjevingstenesta. Ein av gjennomføringsstrategiane var «*Styrking av karriererettleiing gjennom aktiv bruk av faga utdanningsval og prosjekt til fordjuping.*»

Revisjonen har fått tilsendt utdrag av *kvalitets- og rutinehandboka for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane*. Her går det fram krav om at «alle vidaregåande skular har ei sosialpedagogisk rådgjevingsteneste og ei utdannings- og yrkesrådgjevingsteneste som samarbeider med den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) og oppfølgingstenesta (OT) i fylkeskommunen».

I § 22-1 i forskrift til opplæringslova går det fram at «tilbodet skal vere kjent for elevar og føresette, og vere tilgjengeleg for elevane ved den enkelte skolen» (jf. opplæringslova § 9-2 fyrste ledd). I eit rundskriv frå Utdanningsdirektoratet frå 2009<sup>13</sup>, blir § 22-1 i forskrift til opplæring forklara og tydeleggjort. Når det gjeld informasjon om rådgjevingstilbodet blir det presisert at:

(...) den enkelte eleven har krav på informasjon om rådgjevingen samt at rådgjevingen skal vere tilgjengeleg for eleven. Videre er det understreket at rådgjevingen skal vere kjent for foreldrene, slik at disse vet hvilken hjelp eleven kan få (...) Tilgjengelighetsprinsippet er også viktig for eleven. Dersom rådgjevingen er organisert på en slik måte at rådgjevingen ikke er tilgjengeleg for eleven, vil elevens rett til nødvendig rådgjeving ikke kunne oppfylles. Forslaget knytter også rådgjevingstilbudet til den enkelte skole, en konsekvens av dette er at det på hver enkelt skole skal være rådgjeving tilgjengeleg for eleven.(...)

### **3.3 Organisering av rådgjevingstenesta**

#### **3.3.1 Datagrunnlag**

##### **Deling av rådgjevinga mellom sosialpedagogisk- og utdannings- og yrkesrådgjeving**

Rådgjevingstenesta ved skulane omfattar både sosialpedagogisk- og utdannings- og yrkesrådgjeving. I dag er det ein skule som har valt å dele rådgjevingstenesta mellom ulike personar som har ansvar for høvesvis sosialpedagogisk- og utdannings- og yrkesrådgjeving. Ti skular har rådgjevarar med ansvar for både

---

<sup>11</sup> Utdanningsdirektoratet 2016: Yrkesfaglig fordypning for de yrkesfaglige utdanningsprogrammene (YFF)

<sup>12</sup> God-betre-best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2012-2015:

[http://www.sfi.no/getfile.php/2956709.2344.acbtxsgawv/120502God-betre-best\\_TRYKK\\_korrekt.pdf](http://www.sfi.no/getfile.php/2956709.2344.acbtxsgawv/120502God-betre-best_TRYKK_korrekt.pdf)

<sup>13</sup> Retten til nødvendig rådgjeving Udir – 2- 2009. Informasjon om endringer i forskrift til opplæringsloven kapittel 22 og forskrift til privatskoleloven kapittel 7 – "Retten til nødvendig rådgjeving": <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Skoleeiers-ansvar/Udir-2-2009-Retten-til-nodvendig-radgivning/>

sosialpedagogisk- og utdannings- og yrkesrådgjeving (på fire av skulane har ein ulike rådgjevarar knytt til høvesvis yrkesfagleg- og studiespesialiserande utdanningsprogram).

Sogn jord- og hagebruksskule har ikkje eigen rådgjevar. Fylkeskommunen opplyser at skulen får besøk av ein rådgjevar frå Stend vidaregåande skule i Hordaland to gongar i året, og at dei elevane som ønskjer det då får tilbod om utdanning- og yrkesrådgjeving. Fylkeskommunen viser til at denne skulen er statleg finansiert gjennom landslineordninga, og difor ikkje har fylkeskommunal ressurs til rådgjevingstenester. Revisjonen får vidare opplyst at dei fleste av elevane ved skulen er vaksne og ofte har fullført utdanning frå vidaregåande skule eller høgskule. I tillegg er ein del av elevane frå andre skandinaviske land.

Korleis dei ulike skulane har valt å organisere rådgjevingstenesta si går fram i tabell 1:

Tabell 1: Organisering av rådgjevinga ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane (Kjelde: Dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane)<sup>14</sup>

	<b>Felles rådgjevar for alle elevane ved skulen</b>	<b>Ulike rådgjevarar for yrkesfag og studiespesialiserande fag</b>
Same person(ar) gjev både sosialpedagogisk og yrkes/utdanningsrådgjeving	6 skular	4 skular
Ulike personar gjev høvesvis sosialpedagogisk eller yrkes/utdanningsrådgjeving	1 skule	

Revisjonen får opplyst frå fylkeskommunen at det blei opna for forsøk med å skilje sosialpedagogisk rådgjeving og utdanning- og yrkesrådgjeving mellom ulike rådgjevarar, i samband med mål- og strategiplanen *Rom for alle – syn for den enkelte* i planperioden 2007-2011. Ingen av skulane valte å prøve ut dette i denne perioden. I eit notat knytt til oversending av dokumentasjon til revisjonen, opplyser fylkeskommunen at skulane og ressursane i Sogn og Fjordane er for små til at dei slik deling vil vere tenleg.

#### **Tildeling av stillingsressurs til rådgjevingstenesta**

Fylkeskommunen opplyser at stillingsressursen til rådgjevingstenesta blei permanent styrka med 147 % stilling ut over avtalefesta nivå frå 1.8.2008, fordelt på skulane etter elevtal. Styrkinga var generell, utan føringar for korleis stillingsressursen skulle nyttast. I 2015 blei det gjort ei vurdering på om denne styrkinga av rådgjevingstenest frå 2008 skulle fjernast. I utgreiingsrapporten utført av ei nedsett arbeidsgruppe blir det konkludert med at det å redusere ressursane vil gjere rådgjevaren mindre tilgjengeleg, og at det sannsynlegvis vil vere ein av fleire faktorar som kan påverke gjennomføringsgraden i vidaregåande skule i negativ retning. Fylkeskommunen har basert på dette valt å fortsatt ha ei styrking av rådgjevingstenesta.

Det er etablert en nasjonal særavtale for undervisningspersonell i kommunal og fylkeskommunal opplæring (SFS 2213<sup>15</sup>) Fylkeskommunen viser til at denne avtalen er utgangspunktet for berekning av storleiken til stillingsdel for rådgjevingstenesta ved kvar skule.

Tabellen under viser fordelinga av stillingsressursar til rådgjevingstenestene ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane for skuleåret 2017-2018.

<sup>14</sup> Tabellen inkluderer ikkje Sogn jord- og hagebruksskule

<sup>15</sup> Særavtala SFS 2213 Undervisningspersonalet i kommunal og fylkeskommunal grunnopplæring gjeldande ut 2019: <http://www.ks.no/contentassets/3efe42f0d10a4aef86ef36677c3c72df/sfs-2213-prolongert-01.01.2017-31.12.2019.pdf>

Tabell 2: Stillingsdelar for rådgjevingstenesta ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fylkeskommune (Kjelde: Sogn og Fjordane fylkeskommune)<sup>16</sup>

	Stillingsprosent til rådgjeving etter nasjonal særavtale	Ekstra stillingsprosent til rådgjeving i Sogn og Fjordane	Total stillingsprosent til rådgjeving ved kvar skule
Årdal vidaregåande skule	50,04	7,28	57,32
Sogndal vidaregåande skule	168,26	22,29	190,55
Høyanger vidaregåande skule	35,96	4,67	40,63
Mo og Øyrane vidaregåande skule	106,33	14,46	120,79
Hafstad vidaregåande skule	106,33	13,5	119,83
Dale vidaregåande skule	41,59	5,5	47,09
Flora vidaregåande skule	106,33	14,69	121,02
Firda vidaregåande skule	78,19	12,44	90,63
Stryn vidaregåande skule	64,11	11,14	75,25
Eid vidaregåande skule	75,37	11,21	86,58
Måløy vidaregåande skule	69,74	10,35	80,09
Sum	902,25	127,53 <sup>17</sup>	1029,78

I intervju med rektorane går det fram at det, utanom lovverket og kvalitets- og rutinehandboka, er tildelinga av stillingsressursar frå fylkeskommunen som legg føringar for utdannings- og yrkesrådgjevinga ved skulane. Fleire rektorar fortel vidare at utover desse føringane er det opp til kvar skule korleis dei vil arbeide med utdannings- og yrkesrådgjeving på dei enkelte vidaregåande skulane. Det er ikkje etablert sentrale føringar for korleis rådgjevinga skal delast mellom sosialpedagogisk- og utdannings- og yrkesrådgjeving, og korleis desse skal vektast. Heller ikkje på den enkelte skule er det etablert føringar for dette, med unntak av den skulen der det er etablert eigne stillingar for kvar av områda.

Frå opplæringsavdelinga i fylkeskommunen er blir det vist til at fylkeskommunen har tilstrekkelege rammevilkår til å drive god utdannings- og yrkesrådgjeving, men at ei utfordring er at mange av rådgjevarane også har ansvar for sosialpedagogisk rådgjeving inkludert tilrettelegging og spesialpedagogikk, og at den sosialpedagogiske rådgjevinga tar ein større del av tida til rådgjevarane. Rektorane fortel at det særskilt er den sosialpedagogiske rådgjevinga som tar stadig større del av rådgjevarane si tid, då det går mykje tid med på tilrettelegging for enkeltelevar. Fleire av rektorane fortel at dette er noko som går ut over utdannings- og yrkesrådgjevinga, då dei fleste rådgjevarressursane ved skulane er delt mellom utdannings- og yrkesrådgjeving og sosialpedagogisk rådgjeving. Rådgjevarane nyttar ein større del av tida si til sosialpedagogisk oppfølging enn til utdannings- og yrkesrådgjeving. Ein av rektorane fortel at dette spriket mellom behov og ressursar knytt til rådgjeving er meldt inn til skuleeigar årleg.

<sup>16</sup> Sogn jord- og hagebruksskule manglar i oversikta


<sup>17</sup> Revisjonen får opplyst at på bakgrunn av vedtak i skulebruksplansaka i 2013 der det blei vedteke ei skulesamanslåing og ei skulenedlegging, er styrkinga no 127%, mens den opphavelag var på 147% ut over avtala nivå frå august 2018.

Det går vidare fram av intervju at fleire av rektorane meiner det er for lite ressursar tildelt rådgjevingstenesta. Mellom anna kjem det fram at fleire av skulane erfarer eit auka behov for både utdannings- og yrkes- og sosialpedagogisk rådgjeving, men at ressursane til dette blir ikkje auka opp.

Frå ein av skulane blir det opplyst at rådgjevarane ved skulen gir tilbakemelding på at dei nyttar omlag 70% av tida si på sosialpedagogisk oppfølging og 30% av tida på yrkes- og utdanningsrådgjeving. Grunna auka tidsbruk på sosialpedagogisk oppfølging, har skulen bestemt å nytte 20 % av tidsressurspotten<sup>18</sup> til å auka ramma for rådgjeving.

I spørjeundersøkinga som er gjennomført, blei rådgjevarane med ansvar for utdannings- og yrkesrådgjeving spurt i kva grad dei nyttar tiltenkt del av rådgjevarstillinga til utdannings- og yrkesrådgjeving. Ettersom det ikkje er etablert ei fast føring for kor mykje som skal brukast til utdannings- og yrkesrådgjeving, er «tiltenkte del» ein subjektiv størrelse som i større eller mindre grad kan vere basert på konkrete planar ved den enkelte skule eller hos den enkelte rådgjevar. Svara går fram av figur 2:

Figur 2: Rådgjevarane si tid nytta til utdannings- og yrkesrådgjeving




Av figuren går det fram at 11 av 18 respondentar oppgjer at dei «i nokon grad» får nytte tiltenkt del av rådgjevarstillinga til utdannings- og yrkesrådgjeving, medan ein svarer at tiltenkt del av rådgjevarstillinga «i liten grad» blir nytta på dette. Nokre av rådgjevarane peikar i eit ope kommentarfelt på at utdannings- og yrkesrådgjevinga tidvis må vike for den sosialpedagogiske rådgjevinga og at elevane med behov for ekstra oppfølging tar mykje av tida dei har til disposisjon. Det er også nokre som kommenterer at tida som skal nyttast til utdannings- og yrkesrådgjeving ikkje strekk til mellom anna på grunn av for liten stillingsprosent.

I spørjeundersøkinga spurte vi også rådgjevarane om dei opplever at det er risiko for at utdannings- og yrkesrådgjevinga ved skulen ikkje oppfyller elevane sin rett til nødvendig rådgjeving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval. Rådgjevarane sine svar går fram av figuren under:

<sup>18</sup> Tidlegare kalla byrdefull ressursen: «Fordeling av ressursen drøftes på den enkelte skule/enhet. Ved partsenighet på kommunalt/fylkeskommunalt nivå kan ressursen omfordelast mellom skoler/skolene. Tidsressursen skal brukast til å lette lærerens, herunder kontaktlærar for elevane, og/eller skulelederens arbeidssituasjon. Dette gjerast som hovedregel ved reduksjon av antall undervisningstimer. Den enkeltes arbeidsbyrde kan også ved partsenighet letast ved å øke personaltettheten og derved tilpasse fordeling av oppgaver». SF 2213, gjeldande for 01.08.2013 – 31.12.2017



Figur 3 Rådgjevarane sin synspunkt knytt til risiko for at utdannings- og yrkesrådgjevinga ved skulen ikkje oppfyller elevane sin rett til nødvendig rådgjeving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval



Som det går fram av figuren over svarar ein av rådgjevarane at det i stor grad er risiko for at utdannings- og yrkesrådgjevinga ved skulen ikkje oppfyller elevane sin rett til nødvendig rådgjeving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval, medan tre rådgjevarar svarar «i nokon grad» på dette spørsmålet. Dei fleste rådgjevarane svarer at det i liten grad er risiko for utdannings- og yrkesrådgjevinga ved skulen ikkje oppfyller elevane sin rett til nødvendig rådgjeving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval, medan tre svarar «ikkje i det heile».

### Samarbeid med pedagogisk psykologisk teneste, oppfølgingstenesta (OT-tenesta) og NAV

I følgje kvalitets- og rutinehandboka for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane skal alle vidaregåande skular ha ei utdannings- og yrkesrådgjevingsteneste som samarbeider med den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) og oppfølgingstenesta (OT) i fylkeskommunen. Revisjonen får opplyst frå fylkeskommunen at oppfølgingstenesta er lokalisert til 10 vidaregåande skular, og det er heimkommunen til eleven som avgjer kva for teneste vedkomande høyrer til. Det går ikkje fram av tilsendt dokumentasjon, eller av informasjon på nettsidene til den siste skulen om denne er tilknytt oppfølgingstenesta, men revisjonen får opplyst at alle skular har samarbeid med OT-tenesta om elevar som treng slik oppfølging.

Det går vidare fram av fylkeskommunen sine heimesider at det er 15 PPT-kontor i fylket, som deler oppfølginga av dei vidaregåande skulane mellom seg og revisjonen får opplyst i intervju at alle dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen har samarbeid med PPT.

1. Frå dei vidaregåande skulane i fylket sine heimesider går det fram at det er tilknytt oppfølgingskoordinator for OT-tenesta ved elleve av dei tolv vidaregåande skulane» det er ti OT. Oppfølgingstenesta er lokalisert til 10 vidaregåande skular, og det er heimkommunen din som avgjer kva for teneste du høyrer til.

I intervju med rektorane går det fram at det er vanleg at ein rådgjevar ved skulen også fungerer som OT-kontakt. To av rektorane fortel at det ved deira skule er oppretta såkalla «nærværteam» som består av koordinator for teamet, OT, PPT, helsetenesta, NAV, rådgjevarar og miljøkoordinator.

Nokre rektorar fortel at skulen deltar på prosjektet «NAV i skulen»<sup>19</sup>, og ein av skulane har gjennom dette prosjektet ein fast tilsett NAV-rådgjevar ved skulen. Ein av skulane har særskilt fokus på elevar og føresette

<sup>19</sup> Forsøk med NAV-retteleiarar i vidaregåande skule er eit samarbeidsprosjekt mellom Arbeids- og velferdsdirektoratet og Utdanningsdirektoratet. Hovudformålet med NAV-retteleiarar i vidaregåande skule er å førebygge fråfall og integrere ungdom i arbeidslivet.

på Vg2 på yrkesfaga i samarbeid med NAV (informasjon om CV, søknadsprosess osv.), medan ein av rektorane fortel at dei ikkje har etablert fast samarbeid med NAV, men at dette ville ha vore ønskjeleg.

### **Lærarane si rolle**

Det varierer mellom utdanningsprogramma i kva grad faglærarane har ei viktig rolle i utdannings- og yrkesrettleiinga. Rektorane som har blitt intervjuja fortel vidare at det er faglærarane som er dei viktigaste yrkesrådgjevarar for elevane på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma innan sine fagfelt. Dette blir stadfesta av dei yrkesfaglege elevane som har deltatt i fokusgruppeintervjua. Dei fortel at faglærarane på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er dei mest nytta yrkesrådgjevarane, då utdannings- og yrkesrådgjevarane ikkje alltid er oppdatert på dei enkelte fagområda. Utdannings- og yrkesrådgjevarane er gjerne dei som informerer foreldre og elevar om utdanning, yrkesval og fristar både på foreldremøter og i klassane.

Elevane på dei studiespesialiserande utdanningsprogramma har ikkje den same erfaringa, og fortel i fokusgruppeintervjua at dei ikkje får informasjon om vidare utdanning frå sine fag- og kontaktlærarar. Elevane opplyser at dei får tilbod om individuell rådgjeving hos rådgjevar (sjå kapittel 3.5 for nærare omtale av dette)

På to av skulane fortel nokre av elevane på yrkesfaglege utdanningsprogram at NAV-retteljarane gjennom «NAV i skulen»<sup>20</sup> er viktige bidragsytarar i å informere om arbeidslivet.

### **Minoritetsspråklege elevar**

Revisjonen får opplyst at fylkeskommunen har identifisert at det er behov for å styrke informasjonen til minoritetsspråklege elevar, og at dei har vore svake når det gjeld å gje råd om yrkesval og vidaregåande utdanning til desse elevane. Fylkeskommunen tilbyr grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom i samarbeid med grunnskuleopplæringa (GMU-klasser). Revisjonen får opplyst at i dei nye avtalane som er gjeldande frå 2018 er det semje om å inkludere utdannings- og yrkesval for å styrke elevane på dette området. Fram til i dag har det vore ei utfordring at dei som har vore i landet i kort tid ikkje kjenner innhaldet i ulike yrkes- og opplæringsval. Det er sju GMU-klassar i fylkeskommunen i dag, og desse skal få meir informasjon om yrkesval med 2 timar utdanningsval i veka.

### **3.3.2 Vurdering**

Undersøkinga viser at det er tilbod om utdannings- og yrkesrådgjeving frå rådgjevarar ved alle dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane og at det er etablert samarbeid med pedagogisk psykologisk teneste, oppfølgingstenesta (OT-tenesta), i samsvar med kvalitets- og rutinehandboka for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.

Organiseringa av rådgjevarstillingane ved dei enkelte skulane er tilpassa til at skulane er forskjellige med omsyn til fagtilbod og storleik. Sogn og Fjordane har styrka rådgjevingssressursane i vidaregåande skule ut over avtalefesta nivå. Sjølv om tilpassinga av tenesta til dei ulike skulane i utgangspunktet er føremålstenleg, meiner revisjonen det er ei utfordring at auka behov for sosialpedagogisk oppfølginga kan gå ut over tida rådgjevarane har til utdannings- og yrkesrådgjeving. Dette gjeld særleg når det er dei same rådgjevarane som har ansvar for begge områda, slik det er tilfelle for dei fleste skulane.

Sidan fleire rådgjevarar peiker på at det i nokon grad eller i stor grad er risiko for at utdannings- og yrkesrådgjevinga ved skulen ikkje oppfyller elevane sin rett til nødvendig yrkesrådgjeving, meiner revisjonen at fylkeskommunen bør undersøke nærmare om det er skular som har særskilte utfordringar og vurdere nærmare korleis desse kan løysast.

---

<https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Samarbeid/For+kommunen/Relatert+informasjon/fors%C3%B8k-med-nav-veiledere-i-videreg%C3%A5ende-skole>

### 3.4 Yrkesfagleg fordjuping (YFF) og utdannings- og yrkesrådgjeving

#### 3.4.1 Datagrunnlag

##### Samarbeid om yrkesfagleg fordjuping

Revisjonen har fått tilsendt utdrag av kvalitet- og rutinehandboka for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. Der står det at elevane på yrkesfaglege utdanningsprogram gjennom yrkesfagleg fordjuping kan fordjupe seg i kompetansemåla på Vg3. I samarbeid med bedrift eller andre skular kan dei få erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer yrket dei er interessert i. Vidare blir det skildra at det er viktig å ha formelle samarbeidsavtalar, planar og dokumentasjon for at skulane og bedriftene skal kunne gjennomføre og samarbeide godt i yrkesfaglig fordjuping.

Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeidde i 2015 ein rapport (del av omstillingsprosjektet *SFJ2019*<sup>21</sup>) om rådgjevingstenesta<sup>22</sup>. Av denne går det fram at det i hovudsak er arbeidslivskontaktane ved dei vidaregåande skulane som har det overordna ansvaret for å byggje lokale nettverk av bedrifter som kan ta i mot elevar i utplassering, og i tillegg vere potensielle lærebedrifter. Sjølv detaljplanlegginga av faget yrkesfagleg fordjuping og det daglege samarbeidet med bedriftene, er det lærarane i faget og kontaktlærarane som tek seg av.

I intervju med rektorane og opplæringskontora<sup>23</sup> går det fram at det ved fleire vidaregåande skular er ei sterk lokal forankring i samarbeidet med bedrifter. Fleire av skulane har faste verksemder dei samarbeider med om utplassering av elevane gjennom yrkesfagleg fordjuping. Nokre av rektorane peiker òg på at samarbeidet med verksemdene er dels personavhengig og ikkje etablert som del av skulen sine system eller årshjul.

##### Omfang av yrkesfagleg fordjuping

Fylkeskommunen opplyser gjennom tilsendt dokumentasjonen at yrkesfagleg fordjuping blir rekna som eit av åtte element som har ei rolle knytt til rådgjeving i dei vidaregåande skulane.<sup>24</sup> Årstimeramma for yrkesfagleg fordjuping på Vg1 er 168 årstimar og 253 årstimar på Vg2, og er det mest omfattande faget i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Mykje av opplæringa i faget er tenkt å finne stad ute i verksemder som er relevante for sluttkompetansen til eleven.

I intervju går fram at det er skilnad mellom skulane knytt til i kva grad dei kan tilby elevane praksisplasser i faget yrkesfagleg fordjuping både på Vg1 og Vg2. Medan nokre skular arbeider tett med verksemder og opplæringskontor, har andre skular noko meir utfordringar med å kunne tilby alle elevane utplassering begge åra på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. I fokusgruppeintervjua fortel elevane at det er skilnad mellom fagretningane når det gjeld høve for utplassering på Vg1. Dei peikar på at dei i enkelte fag vil måtte ha ei viss grunnopplæring før dei kan utplasserast. På ein av skulane er det også skilnad mellom fagretningane knytt til om elevane sjølv eller kontaktlærar organiserer praksisplass for elevane i yrkesfagleg fordjuping.

Det går vidare fram av fokusgruppeintervjua at det er skilnad på korleis utplasseringa gjennom yrkesfagleg fordjuping fungerer. Nokre elevar er utplassert i ei bedrift i to veker, medan andre er utplassert ein dag i veka. Elevane ved ein av skulane fortel at dei føretrekk å vere utplassert i ein lenger tidsperiode, då dei på denne måten kan vere med i heile arbeidsprosessar og dermed får eit betre innblikk i yrket og arbeidsplassen. Elevane fortel vidare at dei gjerne kunne hatt meir utplassering.

Rektorane ved skular som tilbyr yrkesfagleg fordjuping, gir i intervju uttrykk for at faget har styrka utdannings- og yrkesrådgjevinga ved skulen. Rektorane meiner at elevane får betre grunnlag for val av

<sup>21</sup> SFJ2019. Rammer for det administrative omstillingsarbeidet 2014 – 2019:

[http://www.sfj.no/ato/esa62/document/5-prosjektplan-omstillingsprosjektet-sfj-2019-saknr4\\_2014-cat359038-mid90854\\_4b28cd7905.14074050d14071086.53500e8985.pdf](http://www.sfj.no/ato/esa62/document/5-prosjektplan-omstillingsprosjektet-sfj-2019-saknr4_2014-cat359038-mid90854_4b28cd7905.14074050d14071086.53500e8985.pdf)

<sup>22</sup> Rapport frå utgreiingsoppdrag 7: Rådgjeving ut over avtalefesta nivå. 2015.

<sup>23</sup> Opplæringskontora er eit samarbeid mellom bedrifter og verksemder om inntak og opplæring av lærlingar.

Det finst opplæringskontor som er kommunale, tverrfaglege, per bransje og dei som er fokusert på enkeltfag.

Opplæringskontora hjelper medlemsbedriftene sine med det praktiske rundt lærlingordninga, som regel mot ein del av lærlingtilskotet

<sup>24</sup> Dei andre aktørane er grunnskulane, foreldre/føresette, Karriere Sogn og Fjordane, oppfølgingstenesta, NAV, næringsliv og opplæringskontor og private tilbydarar.

yrkesveg etter å ha vore i praksis. Elevane ved yrkesfaglege utdanningsprogram som har deltatt i fokusgruppeintervju, fortel at dei opplever å få god informasjon og auka kompetanse om yrkesvegar ved å vere utplassert hos bedrifter gjennom yrkesfagleg fordjuping.

I spørjeundersøkinga som er sendt ut til utdannings- og yrkesrådgjevarane har dei fått spørsmålet om i kva grad yrkesfagleg fordjuping har styrka utdannings- og yrkesrådgjevinga ved deira skule. Resultatet er vist i figur 4 under:

Figur 4: Styrking av utdannings- og yrkesrådgjeving gjennom yrkesfagleg fordjuping



Fire av rådgjevarane svarar at skulen dei er tilsett ved ikkje tilbyr yrkesfagleg fordjuping. Av dei resterande tolv som har svart på spørsmålet, svarar sju at yrkesfagleg fordjuping «i nokon grad» har styrka utdannings- og yrkesrådgjevinga ved skulen.

### 3.4.2 Vurdering

Undersøkinga viser at både rektorar, rådgjevarar og elevar i hovudsak opplever at faget yrkesfagleg fordjuping har medført styrking av utdannings- og yrkesrådgjevinga. Undersøkinga viser vidare at det varierer i kva grad alle elevane får praksisplassar knytt til faget yrkesfagleg fordjuping begge åra på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. I forskrift for yrkesfagleg fordjuping blir omfanget av praksis i næringslivet ikkje nærare presisert. Revisjonen merker seg likevel at elevane ønskjer meir utplassering i bedrift. Revisjonen tilrår derfor at fylkeskommunen vurderer om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av utplassering i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping.

Elevane som deltok i undersøkinga gav vidare uttrykk for at dei føretrakk at utplassering i bedrift i ein samanhengande periode framfor ein dag i veka fordi dette ga best erfaring. Revisjonen meiner derfor det er viktig at skulane gjer nærare evalueringar av utplasseringane saman med elevane og søker å justere utplasseringsform i bedriftene der det er ønskjeleg og mogleg. Revisjonen stiller også spørsmål om det kan vere eit potensiale for å i større grad dele erfaringar på tvers av skular og fagretningar knytt til yrkesfagleg fordjuping og samarbeide med bedriftene sidan det varierer i kva grad skulane lukkast med å etablere samarbeid med bedrifter og dermed tilby praksisplassar i faget yrkesfagleg fordjuping..

## 3.5 Elevretta informasjon om utdannings- og yrkesrådgjevinga

### 3.5.1 Datagrunnlag


I dokumentasjonen som revisjonen har fått tilsendt frå dei vidaregåande skulane i fylket, samt intervju med rektorane på nokre av skulane, går det fram nokre felles kanalar som blir nytta for å informere om utdannings- og yrkesrådgjevingstilbodet ved skulane. Det som blir nemnt særskilt er heimesidene til

skulane på internett. Elleve av dei tolv vidaregåande skulane har felles oppsett for heimesidene sine der det mellom anna går fram kven som er rådgjevarar ved skulen. Sogn jord- og hagebruksskule har ikkje same oppsettet for sine heimesider på internett som dei andre vidaregåande skulane og i intervju med opplæringsavdelinga i fylkeskommunen blir det vist til at skulen er ei landsline og har andre behov når det gjeld marknadsføring. Dei fleste av elevane ved skulen er også vaksne. Heimesida til Sogn- jord og hagebruksskule inneheld ikkje informasjon om kva rådgjeving elevane ved skulen får tilbud om. Revisjonen har fått opplyst at ved denne skulen får elevane besøk to gonger i året av ein rådgjevar frå Stend vidaregåande skule i Hordaland fylke.

Utanom heimesidene på internett nemner dei aller fleste skulane at dei informerer om rådgjevingstenesta på felles foreldremøte og gjev informasjon i klassane. To av dei vidaregåande skulane viser til at Facebook blir nytta til å informere om tilbudet, medan nokre også informerer om rådgjevingstenesta på informasjonsskjermer på skulen og i brosjyrar til nye elevar. Nokre rektorar viser i intervju til at dei har valt ein fysisk plassering av rådgjevartenesta i skulen sine lokale som skal gjere elevane merksame på rådgjevingstenesta.

Figuren under gjev ei oversikt over kva informasjonskanalar rådgjevarane opplyser at dei nyttar for å gjere elevane kjende med når dei er tilgjengelege for utdannings- og yrkesrådgjeving:

Figur 5: Informasjonskanalar nytta for å gjere elevane kjend med tilgjenge for utdannings- og yrkesrådgjeving (respondentane kunne velje fleire svaralternativ)



Som figuren over viser er det i hovudsak klassevis informasjon som blir nytta for å informere elevane om tilgjengeleg rådgjevingstid. Tre av dei atten rådgjevarane viser til at dei nyttar sosiale media til dette føremålet, medan sju svarar at dei nyttar den digitale læringsplattforma. I eit kommentarfelt svarar også to av rådgjevarane at dei nyttar tekstmelding for å gjere elevane kjend med tilgjengeleg rådgjevingstid, medan ein viser til at skulen nyttar informasjonsskjermer for å informere om dette.

Ved to skular blei det i fokusgruppeintervju peika på at ikkje alle elevane i klassene veit kven rådgjevarane er sjølv om rådgjevarane har presentert seg i klassane ved skulestart. I den eine gruppa var alle elevane einige om at dette besøket starten av skuleåret i første klasse ikkje er tilstrekkeleg, då det kan vere fleire av elevane som ikkje får med seg dette eller som ikkje fangar opp kva som blir sagt i denne presentasjonen. Elevane gav innspel om at det i tillegg til informasjon i klassene bør vere tilgjengeleg informasjon om rådgjevingstilbodet i resepsjonsområdet på skulen, på læringsplattforma og på informasjonstavler på skulen. Elevane gav også innspel om at det i større grad burde bli gitt informasjon til føresette om utdannings- og yrkesrådgjevinga ved skulen.

På to av skulane fortel elevane i fokusgruppeintervju at dei ynskjer meir synlege og tilgjengelege utdannings- og yrkesrådgjevarar. På ein av skulane blir det peikt på at elevane ikkje kjenner til kva dei ulike rådgjevarane jobbar med og fordelinga av oppgåver dei i mellom, medan elevgruppa på ein annan skule fortel at det har derfor vore utfordrande å vite når vedkomande har vore tilgjengeleg (grunna at rådgjevar har hatt undervisningstimar på ein annan skule, hatt egne undervisningstimar på skulen, samt vikariert for andre på skulen).

### **3.5.2 Vurdering**

Undersøkinga viser at det varierer mellom skulane korleis dei vel å gje informasjon om utdannings- og yrkesrådgjevingstilbodet ved skulen. Ved fleire skular blir det peikt på mangelfull informasjon om rådgjevingstilbodet både til elevar og føresette. Revisjonen meiner derfor at informasjonsarbeidet overfor elevar og føresette bør betrast. Det må arbeidast for å sikre at elevane kjenner til når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kven av rådgjevarane som har kva oppgåver slik at dei veit kven dei kan kontakte.<sup>25</sup> Revisjonen stiller spørsmål ved at ikkje alle skulane har lett tilgjengeleg informasjon via oppslag og meiner at informasjon om rådgjevingstenestene ved skulen som eit minimum bør vere tilgjengeleg i resepsjonsområdet og på oppslagstavler.

## **3.6 Tilbod om individuell utdannings- og yrkesrådgjeving og elevane sine erfaringar**

### **3.6.1 Datagrunnlag**

#### **Individuell utdannings- og yrkesrådgjeving**

Nokre av skulane har årshjul som inneheldt informasjon om når elevane skal få informasjon og rettleiing, til dømes når samarbeidspartnarar kjem på besøk og når det skal informerast på foreldremøte. Det varierer kor detaljert skulane sine årshjul er utforma. Enkelte av årshjula inneheldt informasjon om når elevar ved studiespesialiserande program skal få individuell rettleiing av rådgjevar eller representant frå NAV og når elevar på yrkesfag skal få individuell rettleiing av arbeidslivskontakten.

Det ligg ikkje føre overordna føringar frå fylkeskommunen på korleis skulane skal sikre at elevane får individuelt rettleiingstilbod om dei skulle ønskje det. I dokumentasjon frå skulane går det fram at det er ingen av skulane som fører oversikt kor mange elevar som nyttar seg av tilbodet om individuell utdannings- og yrkesrådgjeving i løpet av året.


Fem av seks rektorar som har blitt intervjuar svarar at skulen gir alle elevar som ynskjer det individuell utdannings- og yrkesrådgjeving. Rektor ved den eine skulen fortel at alle avgangselevane får tilbod om individuell utdannings- og yrkesrådgjeving, men at det er meir uvisse om i kva grad alle elevane på skulen er merksame på retten dei har til individuell utdannings- og yrkesrådgjeving alle åra dei går på vidaregåande skule. Basert på at nesten alle avgangselevane takkar ja til tilbodet om individuell samtale, meiner rektor at det er eit populært tiltak og at tilbodet bør bli gitt til elevar på alle trinn.

Figur 6 viser kva utdannings- og yrkesrådgjevarane ved dei vidaregåande skulane i fylket har svart på spørsmål om dei har rutinar som sikrar at alle elevar får tilbod om individuell utdannings- og yrkesrådgjeving:

---

<sup>25</sup> Sjå også kapittel 3.3.1 der det går fram at det er ulik arbeidsdeling mellom rådgjevarane på dei ulike skulane.


Figur 6: Rutinar for individuell utdannings- og yrkesrådgjeving



Av figuren ser vi at ein av dei sytten rådgjevarane har sagt seg «heilt ueinig» i påstanden at skulen har rutinar som sikrar at alle elevar får tilbod om individuell utdannings- og yrkesrådgjeving, medan tre svarar at dei er «delvis einig» i påstanden. Respondenten som var «heilt ueinig» i påstanden, fekk i eit ope kommentarfelt høve til å kommenterer korleis skulen sikrar at elevane får individuell utdannings- og yrkesrådgjeving. Her går det fram at skulen sikrar at elevane har søkt vidare skulegang, men gir lite reell rådgjeving.

Vidare i spørjeundersøkinga fekk utdannings- og yrkesrådgjevarane spørsmål om i kva grad dei opplever å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne gi elevar på dei ulike klassetrinna individuell utdannings- og yrkesrådgjeving. Resultatet går fram av figuren under:

Figur 7 Kapasitet til individuell utdannings- og yrkesrådgjeving delt på årstrinn



Figuren over viser at 13-14 av rådgjevarane opplever at dei «i nokon grad» har kapasitet til å tilby elevar som ynskjer det på Vg1 og Vg2 individuell utdannings- og yrkesrådgjeving. For Vg3-elevar er det ni som svarar at dei «i nokon» grad har kapasitet til dette, medan to har svara at dei for Vg3-elevane «i liten grad» eller «ikkje i det heile» har kapasitet til dette. Svara viser samtidig at det er fleire rådgjevarar som opplever at dei i stor grad har kapasitet til å gje individuell utdannings- og yrkesrådgjeving på Vg3 enn på Vg1 og Vg2.

I alle fokusgruppeintervjuer blir det gitt uttrykk for at elevane kjenner til at dei har tilbod om individuell samtale med rådgjevar. Det går vidare fram i fokusgruppeintervjuer at ved to av skulane får avgangselevane på studiespesialiserande utdanningsprogram eit konkret tilbod om individuell utdannings- og yrkesrådgjeving. På ein annan skule har dei større fokus på grupperådgjeving for elevar på Vg2 og Vg3 studiespesialisering og påbyggingsfag<sup>26</sup>, medan dei på yrkesfagleg utdanningsprogram ved skulane ikkje får ei personleg innkalling til utdannings- og yrkesrådgjeving.

I fokusgruppeintervju fortel elevar frå begge utdanningsprogramma at elevar kvir seg for å ta kontakt eller å oppsøkje utdannings- og yrkesrådgjevar på eiga hand. Nokre peiker òg på at det er vanskeleg å finne tid til å oppsøkje utdannings- og yrkesrådgjevar, då dei må nytte skuletimar. Elevane meiner derfor at initiativet til ein samtale burde kome frå rådgjevar, i form av at det blir sett opp konkret tid for samtale med alle elevane.

I fokusgruppeintervju med elevane går det fram at skular har gruppevis rettleiing om korleis elevane skal søkje på høgare utdanning. Fleire rådgjevarar nyttar også kartleggingsverktøy for å rettleie om utdanningsval. Ved ein av skulane fortel ein elev på studiespesialiserande program at dei har tatt same kartleggingstesten i Vg1, Vg2 og Vg3, men at det ikkje er oppfølgingssamtalar knytt til testen i etterkant. Dette blir opplevd som ikkje tilstrekkeleg av elevane.

### **Kor nøgde er elevane med utdannings og yrkesrådgjevinga**

I fokusgruppeintervjuer kjem det fram at elevane meiner det er viktig med informasjon og rettleiing i overgangen frå Vg1 til Vg2, både på yrkesfag og på studiespesialisering, men at det er variasjon både internt og mellom skular når det gjeld kor nøgde elevane er med informasjonen dei får. Ved ein skule ønskjer både elevane på yrkesfag og studiespesialiserande meir informasjon om ulike programfag og overgangen frå Vg1 til Vg2. På fleire skular blir det peikt på at elevar på yrkesfaga burde fått tilbod om rådgjeving på Vg1 som følgje av at dei det første året skal velje spesialisering på Vg2. Fleire elevar på studiespesialiserande utdanningsprogram fortel at «karrieresamtala» som ein del av dei får tilbod om på Vg3, kjem for seint i det vidaregåande utdanningsløpet.

Elevane etterlyser også meir informasjon om kva Vg2-tilbod det er ved andre skular, og ikkje berre dei tilboda som er tilgjengelege ved skulen dei går på. Det blir vidare kommentert at det blir gitt informasjon om kva linjer/tilbod som er mogeleg å søkje på, men at det er lite eller ingen informasjon om kva linjene/tilboda inneber. Elevane meiner at denne informasjonen ikkje nødvendigvis skal kome frå rådgjevar, og fleire gir uttrykk for at det er faglærarane og kontaktlærarane som har best kjennskap til faga.

Ved to skular blir det i fokusgruppeintervju vidare kommentert at elevane på yrkesfag ikkje får noko informasjon om kva moglegheiter dei har til høgare utdanning etter fullført fagbrev. Også elevar som går på påbygging til generell studiekompetanse har gitt uttrykk for at dei saknar informasjon om dette.

### **3.6.2 Vurdering**

Revisjonen registrerer at ikkje alle rådgjevarane opplever å ha tilstrekkeleg kapasitet til å gje elevar som ønskjer det tilbod om individuell utdannings- og yrkesrådgjeving. Vi vil i denne samanhengen også vise til kapittel 3.3.1 der det går fram at ikkje alle rådgjevarane nyttar tiltenkt del av rådgjevarstillinga si til utdannings- og yrkesrådgjeving.

Undersøkinga viser også at sjølv om elevane kjenner til at dei kan få individuell samtale med rådgjevar, peiker dei på at det kan vere krevjande å kontakte rådgjevarane på eige initiativ. Undersøkinga viser at elevar får direkte tilbod om individuelle samtalar, men dette gjeld ikkje alle skular og trinn. På bakgrunn av innspela frå elevane i undersøkinga, meiner revisjonen at skulane bør vurdere å gje alle elevar direkte tilbod om individuelle samtalar på initiativ frå rådgjevarane slik at terskelen for å søke rådgjeving blir lågast mogleg.

I fokusgruppeintervjuer viser revisjonen gjennomført blir det vist til fleire område der elevane gjev uttrykk for at utdannings- og yrkesrettleiinga kan forbetrast. Revisjonen meiner fylkeskommunen bør vurdere korleis innspela til elevane kan følgast opp. Dette gjeld mellom anna å sikre kvalitet i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom Vg1 og Vg2, inkludert informasjon om innhaldet i ulike Vg2 tilbod; sikre

---

<sup>26</sup> Kommentar frå rådgjevar i verifisert intervjureferat med rektor på skulen.



rådgjeving/ karrieresamtale før Vg3 og vurdere rådgjeving/ informasjon knytt til kva moglegheiter som finst for høgare utdanning for elevar som går yrkesfag.

## 4. Samarbeid med næringslivet

### 4.1 Problemstilling

I dette kapitlet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

*I kva grad varetek utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule næringslivet sine behov?*

Under dette:

- a) I kva grad er det etablert tilstrekkeleg system for å sikre informasjonsutveksling mellom næringslivet og fylkeskommunen som er relevant for utdannings- og yrkesrådgjevinga?
- b) I kva grad opplever representantar for næringslivet sine organisasjonar at dei blir tilstrekkeleg involvert for å sikre at utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule varetek næringslivet sine behov?

### 4.2 Revisjonskriterium

Av § 22-3 i forskrift til opplæringslova går det fram at føremålet med utdannings- og yrkesrådgjevinga er å bevisstgjere og støtte eleven i val av utdanning og yrke og utvikle kompetansen til den enkelte til å planleggje utdanning og yrke i eit langsiktig læringsperspektiv. Vidare går det fram at skulen så langt det er mogleg og føremålstenleg skal trekkje inn eksterne samarbeidspartnarar som til dømes andre utdanningsnivå og lokalt næringsliv.

Eit av hovudmåla i mål- og strategidokumentet for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021, «Mot nye høgder», er å syte for at «vidaregåande opplæring spelar ei viktig rolle for kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket». Ein av strategiane for å oppnå dette er å styrke samhandlinga mellom interne og eksterne aktørar i eleven og lærlingen sitt opplæringsløp.

### 4.3 Informasjonsutveksling og næringslivet sine erfaringar knytt til involvering for å sikre ivaretaking av deira behov i utdannings- og yrkesrådgjevinga

#### 4.3.1 Datagrunnlag

##### Møtepunkt på overordna nivå

Det er fleire møtepunkt mellom næringslivet og fylkeskommunen som er relevante for utdannings og yrkesrådgjevinga, sjølv om dei ikkje direkte har utdannings og yrkesrådgjeving som fast tema. Den formelle møteplassen mellom næringslivet og fylkeskommunen er fagopplæringsnemnda i fylkeskommunen. Her møtest representantar frå næringslivet, politikarane, elevar, lærlingar og lærarorganisasjonane og møta i fagopplæringsnemnda blir alltid gjennomført hos ei lærebedrift. Nemnda uttaler seg mellom anna i alle saker som vedkjem fag- og yrkesopplæring før fylkestinget fattar vedtak i sakene. I intervju får revisjonen opplyst at tolv av opplæringskontora i fylket har gått saman i eit samarbeidsutval som består av leiarane for opplæringskontora. Leiaren i opplæringskontoras samarbeidsutval (OKSU) sit som medlem i fagopplæringsnemnda med tale- og forslagsrett.

Opplæringskontora er invitert til møte med arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda to gongar årleg, der tema er dimensjonering. På møte på haustparten er dialogen knytt til inntaket av lærlingar og problemstillingar i samband med fag det er vanskeleg å rekruttere til og/eller det er stor del søkarar til. På andre møte, som er lagt til våren, er tema korleis søkartala er på Vg1, Vg2, og eventuelt Vg3 i vidaregåande skule, og dimensjonering av klassar som startar opp påfølgjande haust.

Vidare går det fram i intervju at det blir arrangert eit årleg møte der opplæringskontora (med bedrifter og lærlingar), opplæringsavdelinga, fylkespolitikarar og dei vidaregåande skulane (med elevar og leing) møtast. Tema som har blitt drøfta her er mellom anna utfordringar med dei vidaregåande skulane si nettverksbygging med verksemder, og samanslåinga av fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane og korleis dette eventuelt vil verke inn på fagopplæringa.

Det blir også gjennomført faste dialogmøter mellom opplæringskontora og fylkeskommunen der fylkeskommunen både kontrollerer opplæringskontora, men også har dialog om utviklinga på feltet. Samarbeid på overordna nivå i fylkeskommunen skjer også gjennom hyppig kontakt med opplæringskontor knytt til mål og strategiarbeid og vidare gjennom høringsarbeid knytt til overordna læreplanar.

I intervju med representantar frå opplæringskontor i Sogn og Fjordane, går det fram at dei generelt sett meiner at dei små høva og korte avstandane i regionane gjer at aktørane kjenner kvarandre og har både formelle og uformelle møteplassar. Opplæringskontora opplever vidare at dialogen mellom fylkeskommunen, opplæringskontora og dei vidaregåande skulane er god og bidrar til å sikre næringslivet sine behov. Det blir peika på at det er unikt nasjonalt at opplæringskontora får delta aktivt i ei fylkesnemnd, og opplæringskontora opplever i stor grad å bli høyrte og få påverke gjennom møta i fagopplæringsnemnda.

### **Næringsreiser**

Eit tiltak som er etablert for å samle næringslivet og utdannings- og yrkesrådgjevarane er Næringsreisene.<sup>27</sup> Fylkeskommunen har i fleire år arrangert ei årleg næringsreise for mellom andre rådgjevarar i grunnskule og vidaregåande skule, arbeidslivskontaktar og Nav-tilsette. Næringsreisene skal gje informasjon om utdanningsprogram, læringsituasjon og tilgang til arbeidsplassar. Frå eit av opplæringskontora blir det gitt uttrykk for at dette er eit tilbod som bør vidareutviklast (Sjå også kapittel 5.5.1 om rådgjevarane sine erfaringar med næringsreisene).

### **Samarbeid på skulane**

Medan eine opplæringskontoret deltek på yrkesmesser på skular i området saman med verksemder, har det andre opplæringskontoret valt å fokusere meir på utplassering i bedrift gjennom yrkesfagleg fordjuping, då dei erfarer at det er her ungdomane kan få verdifull informasjon om yrke- og utdanningsveggar. I intervju med rektorane går det fram at det kan vere vanskeleg å få til eit næringslivssamarbeid mellom skule og bransjar som samferdsel, IKT-service medarbeidar, og sal- og kontorlag. Det blir vist til at dette er fagområde innan bransjar som er lite spesifikke når det gjeld kompetansebehov.

Av spørjeundersøkinga går det fram at tre av rådgjevarane ikkje har hatt kontakt med lokalt eller regionalt næringsliv. Ein rektor peikar også på at rådgjevarane i auka grad bør ha kontakt med næringslivet sidan næringslivet også har behov for personell med høgare utdanning. I intervju blir det peika på at det er arbeidslivskontakten ved yrkesfaglege skulane det viktigaste kontaktpunktet mellom skular og næringsliv. Dei koordinerer all utplasseringa i bedrift undervegs i opplæringa, og er svært delaktige i overgangen mellom skule og bedriftsopplæringa. Av intervju går det fram at det varierer mellom skulane i kva grad dei lukkast med å etablere systematisk samarbeid næringslivet, særskilt når det gjeld å sikre læreplassar. Dette er også noko som varierer mellom fagområda. Oppfatninga hos fylkeskommunen er at skulane blitt flinkare til å nytte godkjente lærebedrifter i yrkesfagleg fordjuping, det vil sei bedrifter som fylket har godkjent og som kan ta i mot framtidige lærlingar.

Dei vidaregåande skulane har lokale fagnettverk, der bedriftene blir invitert til å delta. I intervju med den eine representanten frå opplæringskontora, blir det peika på at det har vore ei utfordring å få nokre av dei lokale fagnettverka til å fungere slik dei var tenkt. Ei av årsakene til utfordringa er kapasitet hos skulane, opplæringskontora og bedriftene og at alle har rikeleg med andre oppgåver i kvardagen. Enkelte skular er ansvarlege for fylkesnettverket innan bestemte fagområde. Til dømes er Årdal vidaregåande skule arrangør og ansvarleg for fylkesnettverket for teknikk og industriell produksjonsfaga. Avdelingsleiarar, faglærarar og bedrifter frå heile fylket deltar i dette nettverket, og møta blir vekselvis haldt ved dei ulike skulane som deltar. I intervju blir det peika på at skular med ansvar for fylkesnettverk bør skifte på kva vidaregåande skule i fylket samlingane blir gjennomført slik at det blir mogleg for ulike verksemder å delta. Det blir peika på at dette til dømes gjeld fylkesnettverket for elektrofaga som blir gjennomført på Eid kvart år.

Vidare går det fram i intervju at opplæringskontora sitt samarbeid med skulane i stor grad er basert på geografisk plassering, i tillegg til kva fag skulane tilbyr. Dei vidaregåande skulane nyttar i hovudsak lokale verksemder for utplassering av elevar gjennom yrkesfagleg fordjuping, og verksemdene og opplæringskontora involverer seg på fleire arenaar der dei møter elevar frå dei vidaregåande skulane i regionen og inviterer dei på besøk. Etter at læreplassane er utlyst i januar, og før søknadsfristen i mars,

---

<sup>27</sup> Næringsreisene er også omtala i kapittel 5.5

er det eine opplæringskontoret revisjonen har intervju ute i dei aktuelle klassane på dei vidaregåande skulane i regionen.

Når det gjeld dialog om etterspurnad om arbeidskraft, jobbar det eine opplæringskontoret aktivt med å informere både elevar og føresette i møte om kva yrkesveggar som vil ha stort behov for lærlingar i framtida, medan det andre opplæringskontoret informerer elevar om behovet for lærlingar gjennom mellom anna annonsar og plakatar på skulane. Bedriftene inviterer òg seg sjølve inn på skulane og informerer. Eine representanten frå opplæringskontora fortel at det blir opplevd som at innsatsen opplæringskontora legg i denne typen arbeid har utteljing sidan over 50 % av ungdomsskuleelvane i Sogn og Fjordane søker yrkesfagleg utdanning på vidaregåande skule.

### **Utfordringar og innspel til forbettringspunkt**

I intervju med representantane frå næringslivet blir det likevel peika på nokre betringspunkt i utdannings- og yrkesrådgjevinga knytt til næringslivet:

- Det bør vere meir samarbeid mellom utdannings- og yrkesrådgjevarane og næringslivet. Slik det er no er det skuleleiinga og faglærarane næringslivsaktørane har mest kontakt med. Rådgjevarane bør til dømes involvere verksemdene meir i å informere elevar og føresette om utdannings- og yrkesval. Det blir peika på at det har truleg har større effekt overfor foreldre og elevar når verksemdene informerer om dette enn når opplæringskontora eller rådgjevarane fortel om kva fag og/eller utdanningar som vil vere etterspurte framover.
- Omtrent alle rådgjevarane ved dei vidaregåande skulane har bakgrunn frå studiespesialiserande utdanning på vidaregåande. Dette gjev i utgangspunktet ein snever kompetanse om ulike utdannings- og yrkesval.
- Det er nødvendig å utfordre dei tradisjonelle kjønnsvala på vidaregåande opplæring, i tillegg til oppfatninga om at dei skuleflinke bør ta studiespesialisering – det er fleire vegar til studiekompetanse og mogelegheit for høgare utdanning.
- Den sosialpedagogiske delen av rådgjevinga ved dei vidaregåande skulane tar stadig meir av kapasiteten til rådgjevarane, og i den samanheng burde bedriftene få eit enda større ansvar for å bidra inn i utdannings- og yrkesrådgjevinga i skulane.

Det blir òg etterlyst meir involvering i utdanning- og yrkesval frå leiinga i opplæringsavdelinga. Slik det er i dag er dei enkelte skulane sitt ansvar å opplyse og legge til rette for at ein får tilstrekkeleg søkarar til læreplassar innan dei ulike fagretningane. Det vår vidare fram i intervju at Sogn og Fjordane innan enkelte fagretningar må hente inn søkarar frå Hordaland og Rogaland for å fylle opp læreplassane. NHO Vestlandet meiner i denne samanhengen at det ville ha vore tenleg om fylkeskommunen hadde ei meir systematisk og tettare oppfølging av resultatane av det årlege kompetansebarometeret, og at fylkeskommunen brukte det som ei rettleiing for kva kompetanse det er bruk for. Slik det er i dag blir det sett i gang fagutdanningsklassar der NHO veit at det ikkje vil vere arbeidsplassar til elevane når dei er ferdige.

NHO Vestlandet opplyser i intervju at det varierer mellom fagområda kor godt behova til næringslivet blir dekkja i utdannings- og yrkesrådgjevinga. På nokre fagområde har det vore ei utfordring at fagopplæringstilbodet i den vidaregåande skulen ikkje endrar seg raskt nok i samsvar med endringar i det private næringslivet.

### **4.3.2 Vurdering**

Revisjonen meiner at fylkeskommunen har gode system for å sikre informasjonsutveksling mellom næringslivet og fylkeskommunen. Dette gjeld både på overordna nivå med fagopplæringsnemnda, jamlege møte mellom fylkeskommune og opplæringskontor og det at det er etablert ordning med arbeidslivskontaktar på skulane. Samtidig meiner revisjonen det er viktig å sikre at også rådgjevarane i skulen har kontakt med og er tilstrekkeleg oppdaterte om kompetansebehov i regionalt og lokalt næringsliv, inkludert behov for personell med høgare utdanning.

Revisjonen meiner det er positivt at både skuleleiing og representantane for næringslivet peiker på godt samarbeid. Opplæringskontora opplever i stor grad opplever å bli høyrte og å få påverke gjennom møta i fagopplæringsnemnda. Samtidig blir det peika på forbettringsområde som revisjonen meiner fylkeskommunen og skulane bør følgje opp. Dette gjeld større grad av samarbeid med næringslivet gjennom større involvering av næringslivet i rådgjevarane og skulane sitt informasjonsarbeid om utdanningsval.

Undersøkinga viser at det er skilnader knytt til kor godt dei lokal fagnettverka og fylkesnettverka fungerer. Revisjonen meiner det er viktig at fylkeskommunen tydeleg oppmodar skular og næringsliv til å prioritere nettverka og finne ut korleis dei kan fungere på best mogleg måte lokalt.

# 5. Rådgjevingskompetanse

## 5.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

*I kva grad har dei som skal drive med utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule tilstrekkeleg kompetanse?*

Under dette:

- a) Har rådgivarane i dei vidaregåande skulane kompetanse i samsvar med Utdanningsdirektoratet sine tilrådde kompetansekrav?
- b) Er det gjort vurderingar av kompetansebehov, og eventuelt utarbeidd ein plan for kompetansebygging knytt til utdannings- og yrkesrådgjeving?
- c) I kva grad opplever rådgivarane at karrieremesser og næringsreiser fører til auka kompetanse innan utdannings- og yrkesrådgjeving?

## 5.2 Revisjonskriterium

I forskrift til opplæringslova under kapittel 22 som omhandlar retten til nødvendig rådgjeving, går det fram at

Skoleeigar er ansvarleg for å oppfylle eleven sine rettar etter § 22-1<sup>28</sup> til § 22-3, jf. opplæringslova § 13-10. Ansvarer inneber mellom anna at begge formene for rådgiving skal utførast av personale med relevant kompetanse for dei to områda

Det går vidare fram at skulen skal arbeide systematisk og planmessig for å sikre at rådgjevingstilbodet blir tilfredsstillande.

Skulen bør i følgje Utdanningsdirektoratet både ha breidde- og spisskompetanse i rådgjevinga, og bør også ha system som gjer det mogleg å nytte ekstern kompetanse.<sup>29</sup>

Det finst ingen lovfesta kompetansekrav til dei personane som skal utføre rådgjevingsoppgåver i skulen, men Utdanningsdirektoratet har utforma nokre anbefalte krav til formell kompetanse og rettleiande kompetansekriterium.<sup>30</sup> Det blir understreka frå Utdanningsdirektoratet at desse er rettleiande og å forstå som anbefalingar. Utdanningsdirektoratet presiserer at det er opp til skuleeigar å avgjere kva som er nødvendig for å oppfylle krava til rådgjeving.

I Utdanningsdirektoratet sine anbefalte kompetansekrav og rettleiande kompetansekriterium går det fram at følgjande formell kompetanse er anbefalt:

- Alle som blir tilsett som rådgivar i skulen, bør ha utdanning på minst bachelornivå.
- Utdanninga bør innehalde ei rådgjevarrelevant utdanning på minst 60 studiepoeng. 30 studiepoeng eller meir av den rådgjevarrelevante utdanninga bør dekke hovudoppgåvene innan utdannings- og yrkesrådgjeving.
- Den som blir tilsett som rådgivar bør ha yrkeserfaring og kjennskap til skulen.

---

<sup>28</sup> Av § 22-1 går det fram at den enkelte eleven har rett til sosialpedagogisk rådgiving og utdannings- og yrkesrådgiving, og at tilbodet skal vere kjent for elevlar og føresette.

<sup>29</sup> Utdanningsdirektoratet: Kvaliteten på rådgivingen. Sist endra 17.09.2015: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/radgivning/kvaliteten-pa-radgivingen/>

<sup>30</sup>Utdanningsdirektoratet: Anbefalte formell kompetanse og veiledende kompetansekriterier for rådgivere. Datert 29.06.2009 (brev til fylkeskommunar, fylkesmenn, kommunar, skular, universitet mv.): [https://www.udir.no/globalassets/upload/brev/5/anbefalt\\_formell\\_kompetanse\\_og\\_veiledende\\_kompetansekriterier\\_brev.pdf](https://www.udir.no/globalassets/upload/brev/5/anbefalt_formell_kompetanse_og_veiledende_kompetansekriterier_brev.pdf)

I mål- og strategidokumentet «*God-betre-best*» - *mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015*,<sup>31</sup> hadde fylkeskommunen formulert mål, delmål og tiltak knytt til rådgjevingstenesta. Det er vidare utarbeidd fleire gjennomføringsstrategiar for å oppnå delmåla, mellom anna «*Kompetanseheving til alle som er involvert i yrkes- og karriererettleiing*»

## 5.3 Kompetansen til rådgjevarane

### 5.3.1 Datagrunnlag

I fylkeskommunen sin eigen utgreiingsrapport av rådgjevingstenesta frå 2015, går det fram at det er variasjonar i kva kompetanse rådgjevarane ved dei vidaregåande skulane innehar. Innan det gjeldande skuleåret rapporterte 11 av dei 22 rådgjevarane<sup>32</sup> å ha formell vidareutdanning i rådgjeving/rettleiing, seks av dei hadde inga formell utdanning, men ulike kurs, og fem rapporterte å ha anna formell utdanning (til dømes spesialpedagogikk). Det står vidare i rapporten at manglande formell utdanning i stor grad er kompensert gjennom lang praksis og ulike kurs og etterutdanning, og at skulane legg til rette for vidareutdanning innan rådgjeving/rettleiing.

I spørjeundersøkinga gjennomført av revisjonen fekk utdannings- og yrkesrådgjevarane spørsmål om dei har «utdanning på bachelornivå eller høgare». Samlege 17<sup>33</sup> respondentar som har svart på spørsmålet, svara bekreftande på dette. I spørjeundersøkinga svarar 12 av 18 at dei har undervisning i tillegg til rådgjevinga, noko som kan signalisere at mange av dei har lærarutdanning i botn. I utgreiingsrapporten frå 2015 blir òg dette nemnt: «ein rådgjevar er i dag i all hovudsak ein lærar som har tilleggsfunksjon som rådgjevar».

Utdannings- og yrkesrådgjevarane fekk vidare spørsmål knytt til om dei har «særskilt rådgjevarrelevant utdanning, til dømes etterutdanning innan karriererettleiing eller rådgjeving». På dette spørsmålet svara tre at dei ikkje har særskilt rådgjevarrelevant utdanning.<sup>34</sup> Dei som svara «ja» på dette spørsmålet fekk i eit oppfølgingsspørsmål der dei fekk fortelje kva utdanning dei har og kor mange studiepoeng dette utgjør. Fire av rådgjevarane oppgjer at dei har 120 studiepoeng, og tre av desse spesifiserer at dei har høvesvis master i rådgjeving, master i karriererettleiing og master i spesialpedagogikk. Vidare går det fram at ein av rådgjevarane har 90 studiepoeng, og fire av rådgjevarane har 60 studiepoeng frå rådgjevingsrelaterte emne. Dei resterande seks rådgjevarane har mellom 10 og 30 studiepoeng knytt til rådgjeving.

### 5.3.2 Vurdering

Undersøkinga viser at rådgjevarane i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane berre i nokon grad samsvarer med Utdanningsdirektoratet sine tilrådde kompetansekrav. Fleire av utdannings- og yrkesrådgjevarane ikkje har rådgjevarrelevant utdanning på minst 60 studiepoeng. Sjølv om Utdanningsdirektoratet sine kompetansekrav berre er tilrådingar, meiner revisjonen at dette er kompetansekrav fylkeskommunen bør arbeide for å innfri.

## 5.4 Vurdering av kompetansebehov

### 5.4.1 Datagrunnlag

I fylkeskommunen sin utgreiingsrapport om rådgjevingstenesta i Sogn og Fjordane frå 2015, blir det peika på at rådgjevarrolla har eit stort spenn i innhald, som føreset brei og mangfaldig kompetanse, ikkje minst på systemnivå. Det blir vidare i rapporten vist til Utdanningsdirektoratet sine tilrådingar<sup>35</sup> om kva kompetanse og kunnskapar ein rådgjevar bør ha.

I notatet som revisjonen har mottatt frå fylkeskommunen i samband med oversending av dokumentasjon, står det at Fylkesdirektøren for opplæring ikkje har gjort ei samla vurdering av kompetansebehovet i

<sup>31</sup> God-betre-best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2012-2015:

[http://www.sjf.no/getfile.php/2956709.2344.acbtxsqawv/120502God-betre-best\\_TRYKK\\_korrekt.pdf](http://www.sjf.no/getfile.php/2956709.2344.acbtxsqawv/120502God-betre-best_TRYKK_korrekt.pdf)

<sup>32</sup> Per 2018 er det 24 rådgjevarar i dei vidaregåande skulane

<sup>33</sup> 18 personar har svara på undersøkinga, men berre 17 har svara på dette spørsmålet.

<sup>34</sup> N=18

<sup>35</sup> Utdanningsdirektoratet sitt brev datert 29.6.2009 om [Anbefalt formell kompetanse og veiledende kompetansekriterier for rådgivere](#)

utdannings- og yrkesrådgjevinga, ut over det som går fram av plan for kompetanseutvikling i vidaregåande skule <sup>36</sup>. I denne planen for 2017/2018 er det ein del knytt til vidareutdanning for rådgjevarar:


Det vert sett i gang eit studium i karriererettleiing (30 stp.) for rådgjevarar i grunnopplæringa. Vidareutdanninga er samlings- og nettbasert, går på deltid over eit år (30 studiepoeng) og inneheld to hovudtema: Karriererettleiing i individperspektiv og karriererettleiing i systemperspektiv. Studiet er praksisnært. Målgruppa for studiet er rådgjevarar og lærarar i grunnopplæringa og rettleiarar i NAV.

I plan for kompetanseutvikling 2019/2019 står det under overskrifta «Etterutdanning av rådgjevarar» følgjande:

Fylkesdirektøren vil arbeide for at rådgjevarenettverka i fylket utarbeidar ein felles plattform og eit felles verktøy for ein heilskapleg karriererettleiing frå 8. – 13. årssteg. I tillegg arrangerer fylkeskommunen næringsreiser slik at rådgjevarane har kunnskap om lokalt næringsliv. Det vert gjennomført samlingar med tema om yrkes- og utdanningsmoglegheiter og rettleiingsmetodar.

I spørjeundersøkinga fekk utdannings- og yrkesrådgjevarane spørsmål om dei saman med leiar har laga plan for utvikling av deira rådgjevarkompetanse.

Figur 8: Utarbeiding av kompetanseutviklingsplan saman med leiar




Som det går fram av figur 8 over, svarar tolv av rådgjevarane «nei» på spørsmålet knytt til utarbeiding av kompetanseutviklingsplan saman med leiar. Fem av rådgjevarane svarar at dette «delvis» har blitt gjort.

Utdannings- og yrkesrådgjevarane blei i spørjeundersøkinga også stilt nokre spørsmål om korleis skulane arbeider med å heve rådgjevarkompetansen både hos rådgjevarane og hos dei andre tilsette ved skulen. Svara er framstilt i figur 9:

<sup>36</sup> Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring.



Figur 9: Arbeid med kompetanseheving på dei vidaregåande skulane



På spørsmålet om i kva grad det ved skulen blir arbeidd systematisk for å heve rådgjevarkompetansen blant alle tilsette, svarar 12 av 18 respondentar at det «i liten grad» eller «ikkje i det heile» blir arbeidd systematisk med dette. Vidare svarar 6 av 18 respondentar at det «i liten grad» blir sikra at dei som rådgjevarar har tilstrekkeleg tilbod om kurs/etterutdanning.

I intervju blir det peika på at det har vore auka satsing på kompetanseheving innan utdannings- og yrkesrådgjeving. Dei aller fleste av rådgjevarane har, ifølgje rektorane, tatt studiepoeng innan emne som karriererettleiing ved Høgskulen på Vestlandet sine campus i fylket. Nokre av rådgjevarane har også tatt masterutdanning innan karriererettleiing. Ein av rektorane fortel vidare at skuleeigar gir kompetansemidlar til rådgjevarar som ønskjer tilleggsutdanning, og at det er klare føringar frå fylkeskommunen på kva kompetanse som er ønskja. Vidare blir det fortalt i intervju at dei fleste rådgjevarane også deltar på den årlege rådgjevarsamlinga til fylkeskommunen, næringsreiser og samlingar med rådgjevarnettverk, og at dette også er tiltak som gir auka kompetanse.

I notatet frå fylkeskommunen til revisjonen er det vidare opplyst at nettsida Karriere Sogn og Fjordane, som er eit partnerskap mellom NAV og Sogn og Fjordane Fylkeskommune, også er ein ressurs for å heve kompetansen til rådgjevarane. Fylkeskommunen opplever at rådgjevarane nyttar denne ressursen for lite, og det er difor eit mål å gjere endringar på heimesida til «Karriere Sogn og Fjordane» slik at den blir ein betre ressurs for skulane.

#### 5.4.2 Vurdering

Revisjonen meiner det er positivt at fylkeskommunen arbeider for at rådgjevarnettverka i fylket skal utarbeide ein felles plattform og eit felles verktøy for ein heilskapleg karriererettleiing frå 8. – 13. årssteg. Revisjonen meiner at dette kan bidra til læring og utvikling i rådgjevingarbeidet og sikre god praksis. Samtidig meiner revisjonen at kompetanseplanlegging også bør ta utgangspunkt i kompetansen til rådgjevarane i den vidaregåande skulen, og at deira utvikling bør planleggast i samarbeid med skuleleiinga ved den enkelte skule. Revisjonen meiner det ikkje er tilfredsstillande at tolv utdannings- og yrkesrådgjevarane ikkje har laga ein plan saman med sin leiar knytt til kompetanseutvikling, og fem av dei svarar at dette berre delvis er gjort.

### 5.5 Kompetanseheving gjennom karrieremesser og næringsreiser

#### 5.5.1 Datagrunnlag


##### Karrieremesser

Det går fram av dokumentasjonen at langt dei fleste vidaregåande skulane deltar på karrieremesser. Nokre av messene er lokale, nokre regionale og nokre er arrangert i større byar som Bergen eller Oslo. På desse

messene presenterer bedrifter og utdanningsinstitusjonane seg for elevane. Tre av dei vidaregåande skulane arrangerer ikkje karrieremesse sjølve, men resten av skulane har opplegg for at verksemder kjem inn på skulen for å presentere seg anten på årleg basis, eller kvart andre eller tredje år.

I spørjeundersøkinga fekk utdannings- og yrkesrådgjevarane spørsmål om i kva grad dei opplever at karrieremesser har bidrege til å auke utdannings- og yrkesrådgjevingskompetansen deira. Svara går fram i figur 10.

Figur 10: Kompetanseheving gjennom karrieremesser<sup>37</sup>



Det går fram av figuren at sju av respondentane meiner at karrieremesser «i liten grad» eller «ikkje i det heile» bidrar til kompetanseheving. Fem av rådgjevarane svarer at dei ikkje har delteke på karrieremesser.

Respondentane fekk eit oppfølgingsspørsmål der dei fekk høve til å utdjupe kvifor dei meiner at karrieremesser i liten grad eller ikkje i det heile har bidrege til å auke utdannings- og yrkesrådgjevingskompetansen deira. I svara som kom inn er det mellom anna kommentert at ein kan få god nok informasjon gjennom andre kanalar, at det er vanskeleg å bruke av tidsressursen sin til slike aktivitetar, og at rådgjevarkompetansen famnar om langt meir enn informasjonen dei kan få på ei karrieremesse.

### Næringsreiser

I intervju med fylkeskommunen går det fram at «Karriere Sogn og Fjordane» årleg arrangerer ei næringsreise der dei tar med rådgjevarane og NAV-tilsette til ein region i fylket for å besøke ulike arbeidsplassar og få innsikt i arbeidsoppgåvene ved desse arbeidsplassane. I desse næringsreisene har dei eit særleg fokus på å vitje offentlege arbeidsplassar, og dei har mellom anna besøkt Høgskulen på Vestlandet og Vegvesenet. I etterkant av næringsreisene blir det sendt ut eit spørjeskjema til dei som deltok for å evaluere reisa. Revisjonen har sett svara frå dei gjennomførte evalueringane av næringsreisene frå åra 2015 til 2017 og tilbakemeldingane er jamt over svært positive frå deltakarane som har svara.

Dokumentasjonen revisjonen har motteke viser at det dei siste tre åra har vore 36 deltakarar på næringsreisene. Av desse 36 deltakarane er det tre personar som oppgjer at dei har stilling som rådgjevar på vidaregåande skule.<sup>38</sup> Oversikt over deltakarar på næringsreisene åra 2015 – 2017 er framstilt i tabell 3 under.

<sup>37</sup> I spørjeundersøkinga var spørsmålet merkt med at ein skulle ta utgangspunkt i tiltak ein hadde delteke på dei siste tre åra.


<sup>38</sup> Det har deltatt ein rådgjevar frå vidaregåande skule per år.

Tabell 3: Deltakarar på Næringsreisa 2015 - 2017 (Kjelde: Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane)

Stilling	2015	2016	2017
Rådgjevarar i grunnskulen	4	4	7
Sakshandsamar/ rådgjevar i NAV	2	3	1
Tilsett i fylkeskommunen <sup>39</sup>	2	1	2
<b>Rådgjevar i vidaregåande skule</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	<b>1</b>
Anna <sup>40</sup> tilsett i vidaregåande skule	2	4	1
Anna tilsett i grunnskulen		1	
Medlem av Fagopplæringsnemnda		1	

I spørjeundersøkinga revisjonen har gjennomført fekk rådgjevarane i fylket spørsmål om i kva grad dei opplever at ulike tiltak, mellom anna næringsreiser, har bidrege i å auke utdannings- og yrkesrådgjevingskompetansen deira<sup>41</sup>. Svara frå rådgjevarane knytt til næringsreiser er framstilt i figur 11:

Figur 11: Næringsreiser som bidrag til utdannings- og yrkesrådgjevingskompetanse



Av figuren går det fram at tre av respondentane meiner at næringsreiser «i liten grad» eller «ikkje i det heile» har bidrege til auka kompetanse innan utdannings- og yrkesrådgjeving. Vidare er det sju av respondentane som oppgjer at dei ikkje har deltatt på næringsreiser.

Dei rådgjevarane som svara at næringsreiser «i liten grad» eller «ikkje i det heile» har bidrege til å auke utdannings- og yrkesrådgjevarkompetansen deira fekk i eit ope kommentarfelt høve til å utdjupe dette. Her svarar ein av rådgjevarane at opplegget på næringsreisene er dårlig og overflatisk. To andre peikar på at det ikkje kan prioriterast tid til dette, og den eine respondenten kommenterer òg at næringsreisene blir opplevd som meir kjekt enn nyttig.

<sup>39</sup> «Anna» og karriererettleiar i opplæringsavdelinga,

<sup>40</sup> OT-kordinator i vidaregåande skule, OT-leiar i vidaregåande skule, Avdelingsleiar i vidaregåande skule, lærar

<sup>41</sup> I spørjeundersøkinga var spørsmålet merkt med at ein skulle ta utgangspunkt i tiltak ein hadde delteke på dei siste tre åra.

I intervju med skuleleiinga på dei vidaregåande skulane går det fram at nokre av skulane vekslar på kven av dei tilsette som deltar på næringsreisene. Ein av skulane har valt å ikkje delta på næringsreisene då dei tilsette mellom anna har opplevde for liten nytteverdi i høve tidsbruken på to heile dagar. Ein rektor fortel òg om tilbakemeldingar frå rådgjevarane på at næringsreisene verkar å vere mest retta mot tilsette på yrkesfaga, men denne rektoren meiner dette bygger på misoppfatningar hos dei tilsette om kva kompetanse det er behov for i næringane som har deltatt på næringsreisene. Rektor er av oppfatninga at rådgjevarane ved skulen kan dra nytte av desse samlingane då det er behov for mange typar kompetanse i dei fleste bedrifter også høgskulekompetanse.

### **5.5.2 Vurdering**

Undersøkinga viser at det er få rådgjevarar (tre personar) i den vidaregåande skulen som har delteke på næringsreiser dei siste tre åra. I revisjonen si undersøking har likevel 10 rådgjevarar svara om deira erfaringar knytt til næringsreiser (respondentane kan ha delteke tidlegare år).

Undersøkinga viser at ikkje alle rådgjevarane i vidaregåande skule opplever å ha godt utbytte av næringsreisene og karrieremessene. Revisjonen vil understreke viktigheita av at tiltaka som blir sett i verk for å auke kunnskapen om næringslivet har verdi for målgruppa, og at slike tiltak difor må jamleg evaluerast for å få best mogleg utbytte av tiltaka.

## 6. Konklusjon og tilrådingar

Undersøkinga viser at det blir gjort mykje godt arbeid knytt til utdannings- og yrkesretteleing i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Organiseringa av rådgjevarstillingane ved dei enkelte skulane er tilpassa til at skulane er forskjellige med omsyn til fagtilbod og storleik, og fylkeskommunen har sidan 2008 styrka rådgjevingssressursane i vidaregåande skule ut over avtalefesta nivå. Revisjonen meiner at fylkeskommunen har gode system for å sikre informasjonsutveksling mellom næringslivet og fylkeskommunen. Dette gjeld både på overordna nivå med fagopplæringsnemnda, jamlege møte mellom fylkeskommune og opplæringskontor og det at det er etablert ordning med arbeidslivskontaktar på skulane. Det er også positivt at både rektorar, rådgjevarar og elevar i hovudsak opplever at faget yrkesfagleg fordjuping har medført styrking av utdannings- og yrkesrådgjevinga. Revisjonen meiner vidare at det er positivt at fylkeskommunen arbeider for at rådgjevarnettverka i fylket skal utarbeide ein felles plattform og eit felles verktøy for ein heilskapleg karrieretteleing frå 8. – 13. årssteg som kan bidra til læring og utvikling i rådgjevingssarbeidet og sikre god praksis.

Undersøkinga peiker samtidig på fleire forbetningsområde. Revisjonen meiner det er ei utfordring at auka behov for sosialpedagogisk oppfølginga kan gå ut over tida rådgjevarane har til utdannings- og yrkesrådgjeving. Ikkje alle rådgjevarane opplever å ha tilstrekkeleg kapasitet til å gje elevar som ønskjer det tilbod om individuell utdannings- og yrkesrådgjeving. Undersøkinga viser at sjølv om det er elevar som får direkte tilbod om individuelle samtalar, gjeld ikkje dette alle skular og trinn. Undersøkinga viser også at sjølv om elevane kjenner til at dei kan få individuell samtale med rådgjevar, peiker dei på at det kan vere krevjande å kontakte rådgjevarane på eige initiativ. Undersøkinga viser også at det varierer mellom skulane korleis dei vel å gje informasjon om utdannings- og yrkesrådgjevingstilbodet ved skulen. Ved fleire skular blir det peikt på mangelfull informasjon om rådgjevingstilbodet både til elevar og foresette.

Undersøkinga viser at den formelle kompetansen til rådgivarane i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane berre i nokon grad samsvarer med Utdanningsdirektoratet sine tilrådde kompetansekrav. Revisjonen meiner at det ikkje er tilfredstillande at over halvparten av yrkesrådgjevarane ikkje har ein kompetanseutviklingsplan.

Av undersøkinga går det fram at det varierer i kva grad alle elevane får praksisplassar knytt til faget yrkesfagleg fordjuping begge åra på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. I forskrift for yrkesfagleg fordjuping blir omfanget av praksis i næringslivet ikkje nærare presisert, men revisjonen merker seg likevel at elevane ønskjer meir utplassering i bedrift. I undersøkinga blir også større grad av samarbeid med næringslivet om utdanningsval trekt fram som eit forbetningsområde.

På bakgrunn av funn og vurderingar i undersøkinga vil revisjonen tilrå at fylkeskommunen

1. Sikrar at det ved alle vidaregåande skular finst lett tilgjengeleg informasjon til elevane om når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kva oppgåver dei kan hjelpe med.
2. Vurdere å gje alle elevar direkte tilbod om individuelle samtalar på initiativ frå rådgjevar slik at terskelen for å søke rådgjeving blir lågast mogleg.
3. Vurderer korleis innspela frå elevane om forbetningar knytt til utdannings og yrkesretteleinga kan følgjast opp. Under dette:
  - a. om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av utplassering i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping
  - b. sikre kvalitet i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom Vg1 og Vg2, inkludert informasjon om innhaldet i ulike Vg2 tilbod
  - c. sikre rådgjeving/ karrieresamtale før Vg3
  - d. vurdere rådgjeving/ informasjon knytt til kva moglegheiter som finst for høgare utdanning for elevar som går yrkesfag

4. Vurdere korleis næringslivet i større grad kan involverast i rådgjevarane og skulane sitt informasjonsarbeid knytt til utdanningsval.
5. Arbeider for at rådgjevarane i vidaregåande skule innfrir tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet og at det blir utarbeidd planar for kompetanseutvikling for rådgjevarane i samarbeid med skuleleiinga ved den enkelte skule.
6. Sikrar at tiltak som skal bidra til auka kompetanse hos rådgjevarane i vidaregåande skule blir evaluert jamleg for å sikre best mogleg utbytte.

## Vedlegg 1: Høyringsuttale

Deloitte AS  
v/ Kari Gåsemyr  
Lars Hillesgate 30

5008 BERGEN

## Forvaltningsrevisjon - Utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule

Viser til dykkar e-post den 18.10.2018, der forvaltningsrevisjonsrapport om utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule var lagt ved.

Fylkesrådmannen konstaterer at revisjonsgjennomgangen konkluderer med at det vert gjort mykje godt arbeid knytt til utdanning og yrkesretteiing i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er gode system for å sikre informasjonsutveksling mellom næringslivet og fylkeskommunen. Faget yrkesfagleg fordjuping vert opplevd som ei styrking av utdannings- og yrkesfagrådgjevinga, og arbeidet i rådgjevingsnettverka vert trekt fram som ei positiv satsing.

Vi har gått gjennom utkast til revisjonsrapport og vil gje slik fråsegn:

- ❖ Revisjonen skriv at ein bør vurdere å gje alle elevar tilbod om individuelle samtalar på initiativ frå rådgjevar, slik at terskelen for å søke rådgjeving blir lågast mogleg.

Vi meiner dette nødvendigvis ikkje er rett bruk av rådgjevingsressursane. Rådgjevings-tenesta i fylket består av 10,3 stillingar, og dei skal serve 4400 elevar. Elevane har ulike behov, nokre har behov for tett oppfølging, medan andre i stor grad klarer seg sjølve. Det er mange måtar å få utdannings- og yrkesinformasjon på, ikkje minst gjennom gruppevis rådgjeving som råd-gjevarane gir i klasserommet. I tillegg nyttar elevane informasjon på internett, og mange nyttar eigne nettverk. Individuelle samtalar til dei som har behov for rettleiing om kva moglegheiter som finst innan høgare utdanning, er eit tilbod elevane på yrkesfaglege utdanningsprogram bør få tilbod om.

- ❖ Revisjonen peikar på at skulane bør følgje opp elevane sine innspel om å auke omfanget av utplassering i bedrift i faget yrkesfagleg fordjuping.

Dette må vere ei vurdering som kvar faglærer/skule må ta. Det er mange måtar å få innsikt i eit fagområde på. Faglærer kan vurdere det som mest tenleg å ha fleire næringslivsbedrifter inn i skulen, for slik å gi elevane eit breiare kjennskap til fleire fagområde. Samtidig må ein vurdere «praksistrøkket» på bedriftene i lokalsamfunnet. Det er mange elevar som skal utplasserast både frå grunnskulen og vidaregåande skule. I tillegg kjem ungdomar som er utplasserte gjennom NAV. Her må det gjerast ei heilskapleg vurdering ut i frå fagleg utbytte og tilgangen til næringslivsbedrifter.

- ❖ Det vert påpeika at kvaliteten i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom vg1 og vg2 må sikrast.

Rådgjeving er eit ansvar for heile skulen. Ikkje minst har faglærarane ei viktig rolle i denne samanheng. Om lag 30 lærarar i fylket har teke eller er i gang med studiet *Yrkesfagleg kompetanse i breidde og djupne*, der lærarane m.a. får breiddekompetanse i utdanningsprogramma på vg1 og vg2. Dette vil vere med på å sikre kvaliteten på informasjonen. I rapporten syner revisjonen til den årlege elevundersøkinga som vert gjennomført ved dei vidaregåande skulane, der om lag 60% seier dei er nøgde med utdannings- og yrkesretteiinga. Elevundersøkinga vert gjennomført for alle vg1-elevar og spørsmåla handlar om utdannings- og yrkesrådgjevinga dei har fått på ungdomsskulen. Funna i elevundersøkinga er ikkje relevante for å vurdere kvaliteten på rådgjevingstenesta i vidaregåande opplæring.



- ❖ Revisjonen skriv at ein må vurdere korleis næringslivet i større grad kan involverast i rådgjevarane og skulane sine informasjonsarbeid knytt til utdanningsval. Samtidig seier revisjonen at det i dag eit godt system for å sikre informasjonsutveksling mellom næringslivet og fylkeskommunen.

Arbeidet med yrkes- og utdanningsrettleiinga vert fordelt mellom kontaktlærar/faglærar, arbeidslivskontakt og rådgjevar. Kontaktlærarane og faglærarane følgjer opp elevane når dei er ute i praksis, medan arbeidslivskontaktane har ansvar for det overordna bedrifts- og næringslivssamarbeidet. Rådgjevarane har hovudansvar for utdanningsrettleiing, og er dei som har informasjon og individuelle samtalar. Samla veit skulane mykje om behovet i næringslivet, og dei har eit stort ansvar i å vere oppdatert når dei skal gjere sine rettleiingar. Det viktigaste er å ta omsyn til elevane sine ynskje og evne når skulen skal retteleie dei til å gjere sine val.

- ❖ Revisjonen trekker fram at den formelle kompetansen til rådgjevarane i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane berre i nokon grad samsvarar med Utdanningsdirektoratet sine tilrådde kompetansekrav, og revisjonen meiner det ikkje er tilfredsstillande at over halvparten av yrkesrådgjevarane ikkje har ein kompetanseutviklingsplan.

Utdanningsdirektoratet har følgjande tilrådd formell kompetanse og rettleiande kompetansekriterium for rådgjevarar:

#### 4.1 Anbefalt formell kompetanse:

- Alle som tilsettes som rådgiver i skolen, bør ha en utdanning på minst bachelorgrad
- Utdanningen bør inneholde en rådgiverrelevant utdanning på minst 60 studiepoeng. 30 studiepoeng eller mer av den rådgiverrelevante utdanningen bør dekke hovedoppgavene innen sosialpedagogisk rådgiving og/ eller utdannings- og yrkesrådgiving som rådgiveren har særlig ansvar for. Dette innebærer at det kan være ulikt innhold i rådgiverrelevant utdanning for en sosialpedagogisk rådgiver og en utdannings- og yrkesrådgiver
- I tillegg bør den som ansettes som rådgiver ha yrkeserfaring og kjennskap til skolen.

#### Kommentar til anbefalt formell kompetanse:

*Kravene som foreslås er veiledende og utarbeidet som en anbefaling. Det presiseres at det er opp til skoleeier å avgjøre hva som er nødvendig for å oppfylle kravene til rådgiving. Anbefalingen om formell kompetanse skal bidra til at personer som ansettes som rådgivere skal ha gode grunnleggende kvalifikasjoner for sitt arbeid. Mange ulike fag og fagsammensetninger kan være relevante. Utdanningen kan for eksempel inneholde fag innen humaniora, samfunnsvitenskap eller utdanningsvitenskap. Allmennlærerutdanning, faglærerutdanning eller utdanningen innenfor helse- og sosialfag er andre eksempler på relevant utdanning. Relevansen må vurderes i det enkelte konkrete tilfelle.*

*Det kreves ikke undervisningskompetanse for tilsetting som rådgiver*

*For personer utan undervisningskompetanse er det viktig at vedkommenede på annen måte har kjennskap til skolen.*

[https://www.udir.no/globalassets/upload/brev/5/anbefalt\\_formell\\_kompetanse\\_og\\_veiledende\\_kompetansekriterier\\_brev.pdf](https://www.udir.no/globalassets/upload/brev/5/anbefalt_formell_kompetanse_og_veiledende_kompetansekriterier_brev.pdf)

Ut i frå tilrådd formell kompetanse for rådgjevarane i vidaregåande skule er det fleire fagområde som vert rekna som ei rådgjevarrelevant utdanning. Skulane har sjølve gjort denne vurderinga. I rapporten vert det trekt fram at ikkje alle rådgjevarane har yrkeserfaring utanom skulesektoren. I høve 4.1 *Anbefalt formell kompetanse* kan vi ikkje sjå at dette er ei relevant problemstilling. Rådgjevararbeidet er eit arbeidsfelt som krev oppdatert kunnskap. Rådgjevarar som jobbar i skulen må til ei kvar tid ha relevant kompetanse, og det krev jamlege kurs og etterutdanningar. Rådgjevarane i Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kompetanseutviklingsplan er ein del av *Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring*. I planen for skuleåret 2018-2019, står følgjande;

#### 3.3.5 Etterutdanning av rådgjevarar.

*Fylkesdirektøren vil arbeide for at rådgjevartnettverka i fylket utarbeidar ein felles plattform og eit felles verktøy for ein heilskapleg karriererettleiing frå 8. til 13. steg. I tillegg arrangerer fylkeskommunen næringsreiser slik at rådgjevarane har kunnskap om lokalt næringsliv. Det vert gjennomført samlingar med tema om yrkes- og utdanningsmoglegheiter og rettleiingsmetodar.*

I tillegg er det gode statlege ordningar for finansiering av kompetanseutvikling i dei nasjonale satsingane som rådgjevarane vert oppmoda om å søke på. Studium i karriererettleiing, vert finansiert gjennom stipendordninga i «Kompetanse for kvalitet».

Dette er ein kompetanseplan som årleg vert evaluert med mål om å sikre best muleg utbytte.

Med helsing

Tore Eriksen  
Fylkesrådmann

Astrid Hove  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Mottakar (ar)  
Deloitte AS v/ Kari Gåsemyr Lars Hillesgate 30 5008 BERGEN

Kopi til:

## Vedlegg 2: Revisjonen sine kommentarar til fylkesrådmannen sin høyringsuttale

Revisjonen har valt å gjere to justeringar i rapporten basert på tilbakemeldingane i fylkesrådmannen sitt høyringssvar:

1) I kapittel 3.6.1. hadde høyringsutkastet til rapporten opphavelig eit avsnitt her der det gjekk fram kva elevane hadde svara på spørsmål om utdannings- og yrkesretteiing i elevundersøkinga. Elevane svarer på denne undersøkinga om hausten når dei nyleg har begynt på VG1. I sitt høyringssvar peiker fylkesrådmannen på at dette er svar som er knytt til kor nøgde elevane er med den rådgjevinga dei fekk på ungdomsskulen. Revisjonen ser etter ei fornua vurdering at det aktuelle spørsmålet i elevundersøkinga kan misoppfattast, og at det nok er meint å gjelde rettleiing gitt på ungdomsskulen. Vi har derfor tatt ut teksten som omhandla elevundersøkinga i rapporten. Vi registrerer også at elevundersøkinga ikkje lenger har spørsmålet som revisjonen meiner kan misoppfattast, og at spørsmåla no er tydelegare med omsyn til at dei gjeld rettleiing gitt på ungdomsskulen.

(sjå eventuelt T7:

<https://www.udir.no/globalassets/filer/brukerundersokelser/elevundersokelsen/elevundersokelsen---nynorsk-vg1.pdf> ).

Denne justeringa fører ikkje til endring i tilrådingane frå revisjonen.

2) I høyringsversjonen av rapporten skreiv revisjonen i kapittel 5.3.2:

Fleire av utdannings- og yrkesrådgjevarane ikkje har rådgjevarrelevant utdanning på minst 60 studiepoeng **og nokre av rådgjevarane opplyser å ikkje ha yrkeserfaring utanom skulesektoren som er relevant for utdannings- og yrkesrådgjevinga**. Sjølv om Utdanningsdirektoratet sine kompetansekrav berre er tilrådingar, meiner revisjonen at dette er kompetansekrav fylkeskommunen bør arbeide for å innfri.

Revisjonen har valt å ta ut teksten: «og nokre av rådgjevarane opplyser å ikkje ha yrkeserfaring utanom skulesektoren som er relevant for utdannings- og yrkesrådgjevinga» frå rapporten. I sitt høyringssvar peiker fylkesrådmannen på med referanse til denne formuleringa, at han ikkje kan sjå at dette er ei problemstilling gitt anbefalt formell kompetanse frå utdanningsdirektoratet. Revisjonen ser at opphavelig formulering er misvisande og har derfor tatt den ut.

# Vedlegg 3: Revisjonskriterium

## Om retten til rådgjeving

Av § 13-10 i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) går det fram at fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest. Det står vidare at fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte.

I opplæringslova § 9-2 går elevane sin rett til nødvendig rådgjeving fram:

§ 9-2. Rådgiving og skolebibliotek

Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål. Departementet gir nærmare forskrifter.

Forskrift til opplæringslova omtalar nærare retten til nødvendig rådgjeving. Av § 22-1 i forskrifta går det fram at den enkelte eleven har rett til sosialpedagogisk rådgjeving og utdannings- og yrkesrådgjeving, og at tilbodet skal vere kjent for elevar og føresette. Tilbodet skal vere tilgjengeleg for elevane ved den enkelte skulen. I same paragraf går det fram at:

Retten til nødvendig rådgiving inneber at eleven skal kunne få informasjon, rettleiing, oppfølging og hjelp til å finne seg til rette på skolen og ta avgjerd i tilknytning til framtidige yrkes- og utdanningsval. Rådgivinga kan vere både individuell og gruppevis. Eleven sitt behov og ønskje vil avgjere forma som blir teken i bruk.

Rådgivinga skal medverke til å utjamne sosial ulikskap, førebyggje fråfall og integrere etniske minoritetar. For at rådgivinga skal bli best mogleg for eleven, skal skolen ha eit heilskapleg perspektiv på eleven og sjå den sosialpedagogiske rådgivinga og utdannings- og yrkesrådgivinga i samanheng.

Eleven skal få den hjelpa han/ho treng for å utvikle seg vidare og utnytte eigne ressursar, utan omsyn til tradisjonelle kjønnsroller.

Utdanningsdirektoratet skriv på sine nettsider<sup>42</sup> at "Rådgivingen kan foregå både individuelt og gruppevis. Elevens behov og ønsker skal avgjøre hvilken rådgivningsform som blir brukt. Skoleeier kan ikke tilby bare gruppevis rådgivning.»

Utdanningsdirektoratet skriv også at for at skulen skal kunne oppfylle eleven sin rett til nødvendig rådgiving, må rådgivinga vere heile skulen sitt ansvar og i tett kontakt med lokalt arbeidsliv, skulehelsetenesta og andre relevante aktørar.

Lærlingar og lærekandidatar er omfatta av egne reglar i opplæringslova. I § 4-1 står det likevel at «*Når lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar får opplæring i skole, gjeld reglane for elevar.*»

Revisjonen har fått tilsendt utdrag av *kvalitets- og rutinehandboka for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane*. Her går det fram krav om at «alle vidaregåande skular har ei sosialpedagogisk rådgivingsteneste og ei utdannings- og yrkesrådgivingsteneste som samarbeider med den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) og oppfølgingstenesta (OT) i fylkeskommunen».

## Yrkesfagleg fordjuping

Det er utarbeidd ei eiga forskrift til yrkesfagleg fordjuping<sup>43</sup>. Føremålet med yrkesfagleg fordjuping er mellom anna å gi elevane høve til å prøve ut eitt eller fleire aktuelle lærefag for å kunne få eit godt grunnlag for seinare val av fagretning. Elevane skal få erfaring med innhald oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer yrka utdanningsprogramma kvalifiserer dei for, og få høve til å fordjupe seg i kompetansemål

<sup>42</sup> <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/radgivning/kvaliteten-pa-radgivingen/>

<sup>43</sup> Utdanningsdirektoratet 2016: Yrkesfaglig fordypning for de yrkesfaglige utdanningsprogrammene (YFF)

på læreplanen på Vg3-nivå. Elevene skal få høve til å oppleve realistiske arbeidssituasjonar gjennom bruk av ulike læringsarenaar. Vidare skal yrkesfagleg fordjuping skal gje elevane eit godt grunnlag for å velje lærefag og gjere det mogleg å knytte kontakt med potensielle lærebedrifter.

Det går fram av forskrifta at på Vg1 og Vg2 skal yrkesfaglig fordjuping nyttast til opplæring i kompetansemål frå læreplanen for opplæring i bedrift og Vg3 i skule *anten* frå eige utdanningsprogram *eller* frå andre utdanningsprogram.

I mål- og strategidokumentet «*God-betre-best*» - *mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015*,<sup>44</sup> hadde fylkeskommunen formulert nokre mål, delmål og tiltak knytt til rådgjevingstenesta. Ein av gjennomføringsstrategiane var «*Styrking av karriererettleiing gjennom aktiv bruk av faga utdanningsval og prosjekt til fordjuping.*»

### Informasjon til elevane

I § 22-1 i forskrift til opplæringslova går det fram at «tilbodet skal vere kjent for elevar og føresette, og vere tilgjengeleg for elevane ved den enkelte skolen» (jf. opplæringslova § 9-2 fyrste ledd). I eit rundskriv frå Utdanningsdirektoratet frå 2009<sup>45</sup>, blir § 22-1 i forskrift til opplæring forklara og tydeleggjort. Når det gjeld informasjon om rådgjevingstilbodet blir det presisert at:

(...) den enkelte eleven har krav på informasjon om rådgivningen samt at rådgivningen skal være tilgjengelig for eleven. Videre er det understreket at rådgivningen skal være kjent for foreldrene, slik at disse vet hvilken hjelp eleven kan få (...) Tilgjengelighetsprinsippet er også viktig for eleven. Dersom rådgivningen er organisert på en slik måte at rådgivningen ikke er tilgjengelig for eleven, vil elevens rett til nødvendig rådgivning ikke kunne oppfylles. Forslaget knytter også rådgivningstilbudet til den enkelte skole, en konsekvens av dette er at det på hver enkelt skole skal være rådgivning tilgjengelig for eleven.(...)

Av § 22-3 i forskrift til opplæringslova går det fram at føremålet med utdannings- og yrkesrådgjevinga er å bevisstgjere og støtte eleven i val av utdanning og yrke og utvikle kompetansen til den enkelte til å planleggje utdanning og yrke i eit langsiktig læringsperspektiv. Vidare går det fram at skulen så langt det er mogleg og føremålstenleg skal trekkje inn eksterne samarbeidspartnarar som til dømes andre utdanningsnivå og lokalt næringsliv.

Eit av hovudmåla i mål- og strategidokumentet for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021, «*Mot nye høgder*», er å syte for at «*vidaregåande opplæring spelar ei viktig rolle for kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket*». Ein av strategiane for å oppnå dette er å styrke samhandlinga mellom interne og eksterne aktørar i eleven og lærlingen sitt opplæringsløp.

I forskrift til opplæringslova under kapittel 22 som omhandlar retten til nødvendig rådgjeving, går det fram at

Skoleeigar er ansvarleg for å oppfylle eleven sine rettar etter § 22-1<sup>46</sup> til § 22-3, jf. opplæringslova § 13-10. Ansvaret inneber mellom anna at begge formene for rådgiving skal utførast av personale med relevant kompetanse for dei to områda

Det går vidare fram at skulen skal arbeide systematisk og planmessig for å sikre at rådgjevingstilbodet blir tilfredsstillande.

---

<sup>44</sup> God-betre-best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2012-2015:

[http://www.sfj.no/getfile.php/2956709.2344.acbtxsqawv/120502God-betre-best\\_TRYKK\\_korrekt.pdf](http://www.sfj.no/getfile.php/2956709.2344.acbtxsqawv/120502God-betre-best_TRYKK_korrekt.pdf)

<sup>45</sup> Retten til nødvendig rådgiving Udir – 2- 2009. Informasjon om endringer i forskrift til opplæringsloven kapittel 22 og forskrift til privatskoleloven kapittel 7 – "Retten til nødvendig rådgiving": <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Skoleeiers-ansvar/Udir-2-2009-Retten-til-nodvendig-radgivning/>

<sup>46</sup> Av § 22-1 går det fram at den enkelte eleven har rett til sosialpedagogisk rådgiving og utdannings- og yrkesrådgiving, og at tilbodet skal vere kjent for elevar og føresette.

## Rådgevingskompetanse

Skulen bør i følgje Utdanningsdirektoratet både ha breidde- og spisskompetanse i rådgevinga, og bør også ha system som gjer det mogleg å nytte ekstern kompetanse.<sup>47</sup>

Det finst ingen lovfesta kompetansekrav til dei personane som skal utføre rådgevingsoppgåver i skulen, men Utdanningsdirektoratet har utforma nokre anbefalte krav til formell kompetanse og rettleiande kompetansekriterium.<sup>48</sup> Det blir understreka frå Utdanningsdirektoratet at desse er rettleiande og å forstå som anbefalingar. Utdanningsdirektoratet presiserer at det er opp til skuleeigar å avgjere kva som er nødvendig for å oppfylle krava til rådgeving.

I Utdanningsdirektoratet sine anbefalte kompetansekrav og rettleiande kompetansekriterium går det fram at følgjande formell kompetanse er anbefalt:

- Alle som blir tilsett som rådgivar i skulen, bør ha utdanning på minst bachelornivå.
- Utdanninga bør innehalde ei rådgjevarrelevant utdanning på minst 60 studiepoeng. 30 studiepoeng eller meir av den rådgjevarrelevante utdanninga bør dekke hovudoppgåvene innan utdannings- og yrkesrådgjeving.
- Den som blir tilsett som rådgivar bør ha yrkeserfaring og kjennskap til skulen.

I mål- og strategidokumentet «*God-betre-best*» - *mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015*,<sup>49</sup> hadde fylkeskommunen formulert mål, delmål og tiltak knytt til rådgevingstenesta. Det er vidare utarbeidd fleire gjennomføringsstrategiar for å oppnå delmåla, mellom anna «*Kompetanseheving til alle som er involvert i yrkes- og karriererettleiing*»

---

<sup>47</sup> Utdanningsdirektoratet: Kvaliteten på rådgivingen. Sist endra 17.09.2015: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/radgiving/kvaliteten-pa-radgivingen/>

<sup>48</sup>Utdanningsdirektoratet: Anbefalte formell kompetanse og veiledende kompetansekriterier for rådgivere. Datert 29.06.2009 (brev til fylkeskommunar, fylkesmenn, kommunar, skular, universitet mv.): [https://www.udir.no/globalassets/upload/brev/5/anbefalt\\_formell\\_kompetanse\\_og\\_veiledende\\_kompetansekriterier\\_brev.pdf](https://www.udir.no/globalassets/upload/brev/5/anbefalt_formell_kompetanse_og_veiledende_kompetansekriterier_brev.pdf)

<sup>49</sup> God-betre-best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2012-2015: [http://www.sfj.no/getfile.php/2956709.2344.acbtxsqawv/120502God-betre-best\\_TRYKK\\_korrekt.pdf](http://www.sfj.no/getfile.php/2956709.2344.acbtxsqawv/120502God-betre-best_TRYKK_korrekt.pdf)

# Vedlegg 4: Sentrale dokument og litteratur

## Lover og forskrifter

Kunnskapsdepartementet: *Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa*, (LOV-1998-07-17-61)

Kunnskapsdepartementet: *Forskrift til opplæringslova*, (FOR-2006-06-23-724)

## Rettleiarar med vidare:

Utdanningsdirektoratet: *Yrkesfaglig fordypning for de yrkesfaglige utdanningsprogrammene (YFF)*, 2016

Utdanningsdirektoratet: *Kvaliteten på rådgivingen*. Sist endra 17.09.2015: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/radgiving/kvaliteten-pa-radgivingen/>

KS: Særavtala *SFS 2213 Undervisningspersonalet i kommunal og fylkeskommunal grunnopplæring* gjeldande ut 2019: <http://www.ks.no/contentassets/3efe42f0d10a4aef86ef36677c3c72df/sfs-2213-prolongert-01.01.2017-31.12.2019.pdf>

## Dokument frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

*Mot nye høgder*. Mål- og strategidokumentet for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021

*God-betre-best!* Mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2012-2015:

*Rom for alle-syn for den enkelte*, Mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2008-2011

*Kvalitets- og rutinehandboka for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane*, 2017 (utdrag)

*Status for mål og strategidokumentet, God - betre – best!* Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 – 2017

*Rapport frå utgreiingsoppdrag 7: Rådgjeving ut over avtalefesta nivå*

## Nettsider

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/radgiving/kvaliteten-pa-radgivingen/>

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Skoleeiers-ansvar/Udir-2-2009-Retten-til-nodvendig-radgiving/>



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides audit, consulting, financial advisory, risk management, tax and related services to public and private clients spanning multiple industries. Deloitte serves four out of five Fortune Global 500® companies through a globally connected network of member firms in more than 150 countries bringing world-class capabilities, insights, and high-quality service to address clients' most complex business challenges. To learn more about how Deloitte's approximately 245,000 professionals make an impact that matters, please connect with us on Facebook, LinkedIn, or Twitter.